


Leidarsteidn



Årshefte 2017
Bømlo Tur- og Sogelag
Årgang 16

Pris kr 150,-

Innhald:

Forord.....	s 3
Tillitsvalde i Bømlo Tur- og Sogelag.....	s 4
Helga då kristenfolket samla seg på Langevåg	
Av Nils Henning Vespestad.....	s 5
Indremysfolket under krigen	
Av Kristian Grutle.....	s 11
Dikt om flukta med M/S "Nordlys"	
"Espenværlampen" og mennene bak	
Av Bernt Emil Vika og Rolf Nesse.....	s 29
Flukta med motorbåten "Solid"	
Av Bernt Emil Vika og Lars Inge Vestvik.....	s 37
Enok Eide minnest	
Av Enok Eide, ved Bernt Emil Vika.....	s 41
Litt om Sundtahuset	
Ved Bernt Emil Vika.....	s 49
"Kor vart det tå dei?"	
Ved Bertha Marie Eidesvik.....	s 52
Reiselyst?	
Ved Bernt Emil Vika og Kari Fedt Haugsbakke.....	s 57
Baksiddebilete.....	s 60

Vil du bli medlem i Bømlo Tur- og Sogelag?
Du kan bli medlem ved å senda ein mail med
namn og adresse til post@b-ts.no
eller kontakta kasserar Martin Simonsen
tlf. 97122480 / martin_simonsen@hotmail.com

Forord

Kjære leesar av Leidarsteidn!

Endå eit år nærmar seg slutten, og tradisjonen tru er Leidarsteidn klar for deg som vil lesa lokalhistorisk stoff. Håpar du finn noko av interesse også i år.

Som kjent har Bømlo Tur- og Sogelag fleire hus å ta vare på. Desse treng vedlikehald, noko som krev både tid og pengar. På Bergehuset er eit av vindauge skifta, og takvindauge, som var lekk, er fjerna. Eit lite vindfang rundt utedøra er sett opp til beskyttelse av døra. I smia på Berge er det montert ein ambolt, og målet er at ein skal kunna ta smia i bruk til demonstrasjon. Bergehuset er malt med to strøk, og på smia er det også utført ein god del malararbeid. Elles har både Karinestova og Ådnahytta fått ny maling i år.

Av framtidige vedlikehaldsprosjekt kan ein nemna skifting av eit par andre vindauge på Bergehuset, utskifting av bjelkelaget under golvet i Karinestova og ein del utviklingsarbeid på Fridtun. Når det gjeld saga ved Vorlandsvågen vil ein på sikt prøva å få denne i drift.

Turen Berge – Bergeseidet var også i år ein suksess. I alt deltok rundt 100 personar på turen. Vêret var bra, men det var noko vått langs stien enkelte stader. Når det gjeld turstikonkurransen, var deltakinga god også i år.

Frå Bygdatunet fekk sogelaget tilbod om å overta to bord og fire benker som ikkje kunne brukast der lenger. Desse måtte ordnast noko før dei kunne monterast, og me vil retta ei stor takk til Bømlo Skipsservice som hjelpte oss med dette. Borda er sette opp på Nipane og ved Bergesvatnet, og dei er blitt populære turmål for mange. I tillegg til utplassering av dei to borda, er generelt vedlikehald på stiane våre utført også dette året.

Krabbafesten i fjor viste seg å bli eit populært arrangement. Foredraget til Asgeir Totland om HSD, og dansemusikken til Svanhilds orkester bidrog til dette. Omlag 70 deltakrar såg ut til å kosa seg på festen.

For ikkje å gløyma nokon, vil me retta ei stor generell takk til dei tillitsvalde i laget, til medlemene våre og alle som har vore med på å driva Bømlo Tur- og Sogelag framover ved dugnadsarbeid o.l. Takk òg til dei som har bidratt med stoff til Leidarsteidn og til deg som kjøper heftet.

Til slutt ei stor takk til hovudsponsoren vår, Haugesund Sparebank, som velvillig hjelper oss med økonomisk støtte til arbeidet vårt.

Så vil me ynskja alle ei God Jul og eit Godt Nyttår!

Norvald Nytreit

Bernt Emil Vika

Vi støttar Bømlo Tur- og Sogelag



Haugesund Sparebank

Sentralbord: 03240 / 52705000

Telefaks: 52705001

post@haugesund-sparebank.no

Tillitsvalde for Bømlo Tur- og Sogelag, valde på årsmøtet 27. april 2017

Styret

Faste medlemer av styret

Leiar	Norvald Nyteit, 1 år (gj.val)
Nestleiar	Bernt Emil Vika, 2 år (gj.val)
Kasserar	Martin Simonsen, 2 år (ny)
Sekretær	Lars Inge Vestvik, 1 år
Styremedlem	Ellen Vold, 1 år
Styremedlem	Ivar Barane, 1 år

Arrangementsnemnd

Ivar Barane, 1 år
Anne Karin Pedersen, 2 år (gj.val)
Torhild N. Vika, 2 år (gj.val)
Lene Pedersen, 1 år
Lene Tendeland, 1 år
Anita Pedersen, 1 år

Nemnd for merking av stiar

Bertha Marie Eidesvik (leiar), 1 år
Helge Glærum, 2 år (gj.val)
Ellen Vold, 1 år
Willy Sørenes, 1 år
Sigmund Stensen, 1 år

Valnemnd

Signe Lønning, 2 år (gj.val)
Liv Olson, 2 år (gj.val)

Internett

<http://www.b-ts.no>
Mail: post@b-ts.no

Org.nr.

985056761

Varamedl. til styret:

Signe Lønning, 2 år
Gerda Larsen, 2 år

Restaureringsnemnd

Bergehuset	Knut Hegle, 2 år (gj.val)
Fridtun og	John Harald Bauge, 1 år
Hilleborgst.	Arne Vorland, 2 år (gj.val)
	Helge Bunes, 1 år
Kvernhus og	Odd Bjarne Hovland, 1 år
Karinestova	Endre Barane, 2 år (gj.val)
	Egil Lodden, 1 år
Saga	Aksel Kønig, 2 år (gj.val)
	Arvid Samdal, 2 år (gj.val)
Ådnahytta	Nils Peder Holme, 2 år (gj.val)
Kvernhus på	Lars Inge Vestvik, 1 år
Bergeseidet	Reinert Hovland, 2 år (gj.val)

Skriftstyre

Bernt Emil Vika, 2 år (gj.val)
Berge Olson, 1 år
Norvald Nyteit, 1 år
Lars Inge Vestvik, 1 år



Helga då kristenfolket samla seg på Langevåg

Av Nils Henning Vespestad

Det var ei storhending utan lokalt sidestykke i førre århundre då Samskipnaden la årsmøtet sitt til søre Bømlo. Ei sommarhelg i 1963 var bygda sentrum for kristenlivet i regionen.

Årsmøtet i Sunnhordland, Hardanger og Voss Indremisjonsskipnad, eller kort og godt Samskipnaden, var i tidlegare tider ein svært viktig samlingsstad for det lokale kristenfolket. Sommaren 1963 var ikkje noko unntak, då det 99. årsmøtet vart lagt til søre Bømlo laurdag 15. og sundag 16. juni. *Haugesunds Avis* karakteriserte den påfølgande måndagen opningsarrangementet som særslig vellykka, og slo fast at Bømlo Indremisjon kom frå oppgåva som vertskap på ein framifrå måte. Avisa vinkla artikkelen på det store frammøtet på avslutningsarrangementet. «*Det er alltid sundagsstemna som dominerer på årsmøta til Samskipnaden. Slik var det og i år, og på stemnestaden i Hillesvært var det samla kring 6.000 menneske*», heiter det.

– Å ja, det var veldig stort, seier 83 år gamle Aud Lønning om sommarhelga for 54 år sidan. Aud byrja å reise for Samskipnaden i 1955, og hugsar godt at det var stas då årsmøtet vart arrangert på heimebane.
– Me hadde fått nytt bedehus nokre år tidlegare, og kyrkja var heilt ny. Dermed hadde me store lokale til å ta imot folk til årsmøtet. Eg meiner å hugsa at me hadde eit møte ovanfor bedehuset, at me samlast på haugane ved skulen. For det var så mykje folk at det ikkje var plass til alle i kyrkja.

Vertskap for andre gong

Det som i dag heiter Indremisjonsskipnaden, vart stifta under namnet Sunnhordland, Hardanger og Voss Indremisjonsskipnad 2. pinsedag 1864. Det skjedde under eit møte i Uskedalen. Fleire markerte haugianarar var blant stiftarane og dei første leiarane, heiter det på *indremisjonssamskipnaden.no*. Haugianarane hadde namnet sitt etter Hans Nielsen Hauge, den kristne lekpredikanten som reiste rundt og haldt religiøse møter i store delar av Sør-Norge. Sjølv om Samskipnaden vart stifta først 40 år etter at Hauge døydde, var det sterke band mellom rørsla han grunnla og Samskipnaden.



Innerst i Langevåg låg båtane tett i tett denne junihelga i 1963. Mange av dei tilreisande budde om bord på båtane sine. (Foto: Bernt Emil Viika)

Både haugianismen og indremisjonen har stått sterkt på søre Bømlo sidan midt på 1800-talet, slik det gjekk fram av ein lengre artikkel i *Leidarsteidn* i 2016. Det første bedehuset i bygda, Fridtun, vart bygd i 1845. I 1911 tok ein i bruk eit nytt bedehus i Olsabrekka, ikkje langt unna. Dette vart flytta og bygd ut i 1956, og er framleis i bruk. Det som i dag kallast Bømlo Indremisjon, vart stifta første nyttårsdag i 1882. 15 år seinare, i 1897, var laget for første gong verstskap for årsmøtet i Samskipnaden. «*Dei kjende lekmennene Jacob Tråsdahl og forstandar Gabriel Bården var horvudtalalarar. Den gongen var det samla om lag 6.000 menneske*», skriv mangeårig formann Tørres Lodden i 2. utgåve av *Indremisjonsvenen* i 1963. Dette var like før laget igjen skulle vera verstskap for eit årsmøte.

«*I fleire år har indremisjonsstyret her hos oss hatt planar om å be inn Samskipnaden sitt årsmøte til Bømlo, men av ymse grunnar har dette ikkje vorte. Men no er me betre budde på å ta imot eit større møte enn før. I 1956 fekk me igjen eit nytt og tidhøveleg bedehus med 300 sitjeplassar, og med matsal i kjellarhøgda. Like eins fekk me i 1960 ny og romsleg kyrkje med 500 sitjeplassar. Når styret i Samskipnaden tok imot vår innbeding til det 99. årsmøtet sitt, vart me glade og takksame for det*», skriv Lodden.

I boka «*Djupe spor*», som kom ut i høve Samskipnaden sitt 150-årsjubileum, står det følgjande om korleis årsmøta er og har vore organiserte:



*Ved alle kaiane låg det mange båtar utanpå kvarandre.
Sollia og den nye kyrkja i bakgrunnen.
(Foto: Bernt Emil Vika)*



*Utsikt mot ferjekaien, bedehuset og skulen.
Garden Vold i bakgrunnen.
(Foto: Bernt Emil Vika)*

«Årsmøta har heile tida gått på omgang i det store distriktet Samskipnaden arbeider i, og kvar gong er det det lokale misjonsfolket som tek seg av den praktiske delen av møtet. Dei syter for mat og overnatting, pynting og tilrettelegging på alle måtar, anten det er bedehuset, kyrkja, idrettshallen eller andre hus som skal nyttast.»

«Heile bygda» stilte opp

Planlegginga starta allereie året før, går det fram av ein gjennomgang av bedehussoga, utlånt av bedehusstyret. Forfattaren er ukjent.

«I samband med indremisjonsbasaren hausten 1962, kalla Bjarne Eide inn til eit orienteringsmøte om årsmøtet i Samskipnaden 1963, som dei ynskte å leggja til Bømlo. Styret i Indremisjonen, bedehuset, Ungdomsforeiningen, Finnmarksforeningen og Husmorlaget møtte til dette møtet, og alle sa seg villige til å vera med. Følgjande nemnder vart oppnemnde: Hovudnemnd, innkvarteringsnemnd, stemneplassnemnd, motelokalenemnd, matnemnd, hamnenemnd og orienteringsnemnd. Etter stor innsats av alle nemnder vart alt klart til å ta imot de innmeldte til det 99. årsmøtet laurdag 15. juni 1963. Betelskipet «Eliaser 4» kom i rute frå Hardanger og bygdene i indre Sunnhordland. Elles kom folk med bussar og bilar, så kyrkja var heilt fullsett til opningsmøtet. Talarane ved årsmøtet var generalsekretær Gustav Ballestad og pastor Håkon Andersen. Songarar var Lage Wedin, Henrik Røykenes og Kåre Steinsund. Til stades var også prestane Sørheim og Valle», heiter det i denne gjennomgangen.

I jubileumsboka «Djupe spor» minnast Magne Eidesvik årsmøtet på Bømlo, og er sitert på denne måten: «Det kom svært mange som skulle overnatta, og i huset heime var alle rom og senger opptatt. Vi borna vart sendt ned til ei skøyte som låg ved kaien for å overnatta der.»

I møteprotokollane frå bedehusstyret er årsmøtet kun omtala éin gong, og då på denne måten: «Måndag 10. juni 1963 vart det halde styremøte for bedehuset i høve leiga av huset til årsmøtet for Samskipnaden etter innkalling frå formannen. Tørres Lodden og Knut Brakestad var også innkalla for Indremisjonen, og møtte. For bedehusstyret møtte underskrivne. Ein vart einig om å setja



Det var også mange som tok landevegen til bygda, og ein del av bilane måtte parkerast i vegkanten. Innerste delen av Langeråvåg i forgrunnen, og ikkje mindre enn tre skulehus i bakgrunnen. (Foto: Ingeborg Olson)

leiga av huset til kr 200, og leiga av middagsservice til 150 personar til kr 105.» Protokollen vart underteikna av Johs. Lønning, Tørres Lodden, Helene Eidesvik og Knut Brakestad.

Trekplaster frå Sverige

– Årsmøtet var på dagtid laurdagen, og så var det møte på kvelden. Då var det møte både i bedehuset og i kyrkja samstundes, for det var jo ikkje plass til alle på ein stad. Det hugsar eg godt, fortel Aud Lønning. Ho minnast også at det vart servert



Svenske Lage Wedin var kjendisalibiet på samlinga, og eit aldri så lite ekstra trekplaster. Her på stemnestaden utanfor Hillestveit skule. (Foto: Bernt Emil Vika)

middag både oppe og nede på bedehuset sundagen, mellom gudstenesta og avslutningsmøtet. Begge delar fann stad på stemnestaden ved skulen. Eit av dei store høgdepunkta var likevel at svenske kyrkje- og konsertsongaren Lage Wedin var med på alle møta. *Haugesunds Avis* skriv måndagen etter at det kanskje var songen «*Nærmore deg min Gud*» som greip mest.

– Det var veldig stort at han kom hit og var med på dette årsmøtet, seier Aud om den musikalske gjesten frå Sverige. Og ho har ingen grunn til å tvila på at det faktisk var så mange som 6.000 til stades denne helga: – Det er ofte mykje folk som kjem på årsmøta, og i gamle dagar var det endå meir enn i dag. Det vert snakka om at det kan ha vore oppimot 10.000 samla til årsmøte på det meste. Det var eit samlingspunkt som var veldig stort. Eg hugsar det mor mi fortalte frå då ho tente i Strandebarm: Dei hadde ikkje så mykje fritid, men dei fekk fri den helga årsmøtet skulle vera, smiler Aud.

«Heilt sidan starten har årsmøta i Samskipnaden vore spesielle samlingar. Var veret godt, kunne 10.000 menneske vera samla på årsmøtet», står det i jubileumsboka «*Djupe spor*». Vidare heiter det mellom anna: «Ofte vert det meldt om møte med stor åndsmakt, og forkynninga nådde folket på ein slik måte at dei reiste heimatt fornya og med ny glød til tenesta dei stod i».

Bileta frå stemnehelga på søre Bømlo viser at det låg tett i tett med flaggpryda båtar innerst i Langevåg. Aud fortel at båtane kom frå heile regionen, og at mange av dei tilreisande



Folk samla seg både på skuleplassen og i hadla oppover mot Vespestad.
(Foto: Bernt Emil Vika)



Det var mykje folk på stemnestaden på Hillestreit skule medan årsmøtet pågjekk.
Kyrkja i bakgrunnen.
(Foto: Bernt Emil Vika)

overnatta i båtane sine. Andre vart innlosjert privat. Før årsmøtet hadde arrangørane gått rundt på bygda og spurte om folk ville opna heimane sine og ta imot gjestar denne helga. På spørsmål om dette er det største stemnet som har vore på søre Bømlo, må Aud tenkja seg litt om.

– Det har vore store stemner og årsmøte på Bremnes fleire gongar, og på Moster. Men eg kan ikkje seia at det har vore så store møte seinare på søre Bømlo, nei. Me maktar ikkje å ta imot det, for det er eit stort apparat som skal setjast i gong. Bremnes er eit mykje større distrikt, med fleire indremisjonsforeiningar enn me har her sør, oppsummerer Aud.

Marit Hårklaus Ådnanes, dagleg leiar i Indremisjonssamskipnaden, stadfestar at det ikkje har vore årsmøte på søre Bømlo etter 1963. Årsmøta trekkjer heller ikkje like mykje folk som i tidlegare tider. I dag er dessutan sjølv årsmøteomgrepet tona ned, mens ein kallar det heile «Sommarens storsamling» – med eit sterkare barne- og familiepreg.

– Sjølv om det ikkje kjem så mange folk på årsmøta i dag, er det eit stort arrangement som krev sitt. Og mange bygder og kommunar ser at dette blir for krevjande. Då årsmøtet/Sommarens storsamling vart arrangert på Bremnes i 2015, var dette eit fellesløft for alle indremisjonsforeiningane på Bømlo. På tre av samlingane denne helga var rundt 600 menneske samla i idrettshallen på Leite. Totalt reknar me med at mellom 1.000 og 1.500 menneske var innom denne helga. Samanlikna med andre krinsar tilslutta Indremisjonsforbundet, står årsmøta i Indremisjonssamskipnaden i ei særkasse når det gjeld frammøte. Det er fortsatt å rekna som ei stor samling, fortel Marit, som har fått god hjelp av kontorleiar Guri Bjørnevik til å gå gjennom arkivet.

Ei rose til bømlingane

Haugesunds Avis skriv at det kom inn cirka 25.000 kroner i kollekt under stemnehelga sommaren 1963. Dette utgjer over 280.000 kroner, omrekna til pengeverdien i dag. Kollekten gjekk mellom anna



Også lokale krefter bidrog til den musikalske underhaldninga. Blant desse var Rubbestadneset Indremisjonskor. (Foto: Bernt Emil Vika)

til å dekkja inn Samskipnaden sitt underskot på 10.000 kroner frå 1962, til barneheimen Waisenhuset i Stavanger, til ungdomsarbeidet i regionen, og til brannsikring av Framnes ungdomsskule.

Årsmeldinga for Samskipnaden slår fast at det var lenge sidan førre gong Bømlo Indremisjon hadde vore vertskap for årsmøtet. «*Ikkje under at venene på staden var spente på korleis det ville gå med avviklinga. Men etter ein kjempeinnsats frå så og seia heile bygda, gjekk det framfrå godt. Ja, skal noko kallast “prikkfritt” så måtte det vera ramma om dette årsmøtet. Ein blom til bømlingane!*», heiter det her. Det står også at det også vart eit åndeleg rikt møte.

Avslutningsvis siterer me igjen frå den lokale bedehussoga, utlånt av bedehusstyret: «*På avslutningsmøtet var Ballestad horudtalar og tok teksten frå 5. Mosebok, kap 33. Talaren streka under Guds veldige kraft og den hjelpe han gir til dei som søker Han. Sekretær Bjarne Eide og formann i Samskipnaden, Mons Meling, takka for frammetet og retta ei stor takk til bygdefolket for deira innsats med å få årsmøtet vel i hawn* (...) «*Med takk til Gud for velsigna rike dagar var så det 99. årsmøtet i Samskipnaden si soge slutt*».



Pastor Håkon Andersen



Sonjaren Lage Wedin

Program for årsmøtet på Bømlo.

15.-16. juni 1965.

Lørdag 15. juni:

- Kl. 10.30 Åpningsseremoni i Bømlo nye kirke. Velkomstebeling v/ herre Knut Brækestad. Öppning av årsmøtet v/ formannen i Samkippenaden, Mons M. Meling.
 - 11.30 Tale av generalsek. Gustav Ballstad. Song av den avenyske sangaren Lage Wedin.
 - 12.30 Middag.
 - 14.00 Utendringsmøte i Bedehuset. Vanlige årsmøtessaker.
 - 14.09 Møte i kirken v/ pastor Håkon Andersen og rev. kap. Johs. Valle. Song av Lage Wedin. Kollekt til Walsenhuset.
 - 15.30 Kveldsmål.
 - 20.09 Møte i Bedehuset v/ Gustav Ballstad og skulen. Olav Tveit. Song av Lage Wedin og samkippadiskvariellen. Kollekt til ungdomsarbeidet.
 - 20.00 Møte i kirken v/ Håkon Andersen og Henrik Roykenes. Song av Lage Wedin og samkippadiskvariellen. Kollekt til ungdomsarbeidet.

Sundag 16. juni:

- Kl. 10.30 Gudstjeneste på stemnestaden. Velkomstebeling v/ sokneprest Alf Berheim. Tale av pastor Håkon Andersen. Song av Rubbestadneset Indremisjonskor og Lage Wedin. Offer til Samkippenaden. Generalsek. Gustav Ballstad avslutter.
 - 13.00 Middag.
 - 14.30 Avslutningsmøte på stemnestaden. Tale av Gustav Ballstad. Song av Lage Wedin, Roykenes og Stensund. Rubbestadneset Indremisjonskor. Helsingar av Håkon Andersen og sek. Bjørne Eide. Offer til Framnes ungdomsskule. Hermess musikklag spelar på stemna!



Generalsek. Ballstad

*Programmet for stemnehelga. Faksimile fra Indremisjonsvennen.
 (Fra Ingvald Hovland)*

Indremyrsfolket under krigen

Av Kristian Grutle

Eigedomen

Ein halv kilometer eller så nord for busetnaden på Grutle ligg Indremyro (i gards- og ættesoga er bruksnamnet skrive «Endremyro», men dette er feil – namnet har ingen ting med mannsnamnet Endre å gjera). Trass i nærlieken til Grutlegarden tilhører bruket garden Stokkvik, og har gnr. 140, bnr. 3 i Bømlo kommune. Eigedomen er veglaus, men har i dag god gangveg mest heilt fram.

Bruket var opphavleg eit plass, men vart fråskild som eige bruk i 1890. Eigedomen er ikkje stor, så langt eg kan finna ut av kartet er samla areal totalt ca. 40 daa, av dette omlag 30 daa utmark.

Med fôr frå den vesle innmarka og beite i utmarka kunne vel eigedomen fø nokre sauher og ei til to kyr.

Første brukaren var Ole Andreas Andersson Skiftesvik, han selde i 1923 til Aarstein Olsen Grutle.

Familien

Aarstein Olsen kom frå bruket «Gjerde» på Grutle (gnr. 109, bnr. 7). Faren var Ole Amundsen Steinsvåg (kalla «Lendevikjen»), mora var Mette Årsteinsdotter Hestenes («Metto»). Mette

Årsteinsdotter - som var moster til mi farmor - var ein person som var mykje omtala i min barndomsheim. Ho hadde vore død i mange år då, men minnet om ei rikt utrusta kvinne og ein stor personlegdom levde vidare.

Ole og Mette hadde i alt sju barn, Anton, Aarstein, Kristine (Stavanger), Berta Marie (g. Lillesund, busett i Vennesla), Ola, Bernt og Gurine (g. Stokkvik). Alle desse var særmerkte menneske som det kunne vore skrive mykje om.

Aarstein Bernhard Olson Grutle vart gift med Brynhilde Jensdtr. Nese. Ho var dotter til Jens Jensen Nese og kona Ida Kristine Nilsdotter. Brynhilde hadde to søstrer, Katrine Tomine og Anna Margrete som vart gifte til nabogarden Grutle, Katrine med Sivert Nilsson og Anna med Edvard Øksnes.

Aarstein var sjømann i utanriks fart. Han segla som båtsmann i mange år, og hadde ord på seg for å vera ein svært dugande og påliteleg sjømann. Etter ei arbeidsulukke hadde han nedsett førleik og var avhengig av å bruka stav. Dette ser likevel ikkje ut for å ha hindra han i arbeidet om bord.

Seglingsperiodane var lange, ofte to år eller meir. Lønsnivået til sjøs på tjue- og trettitalet var ikkje slik at ein familiemann hadde råd til å reisa ofte heim.

Heima var det Brynhilde som styrt, og etter det som vert sagt styrt ho godt. I ekteskap som dette kunne det lett oppstå konfliktar når far kom heim og skulle overta ansvaret, men det er ingenting som tyder på at det var slik i Indremyro. Barna opplevde Aarstein som ein god og oppfølgjande far, trass i dei lange seglingsperiodane.



Gammalt bilete av huset i Indremyro.
(Foto frå Agot Starland)

I tillegg til å vera ein dugande sjømann hadde Aarstein ord på seg for å vera eit samfunnsinteressert og prinsippfast menneske. Det vert fortalt at han ein gong vart oppmoda om å melda seg inn i ein fråhaldslosje, men skal ha svara noko slikt som «klarar eg ikkje å halda meg borte frå alkoholen utan å melda meg inn i ein losje, får det heller vera!»

Brynhilde og Aarstein budde først i Haugesund, men kjøpte «Indremyro» og flytta dit i 1923. Dei hadde då fire born, seinare kom det ei jente til. Barna var Magda, f. 1910

Ola, f. 1918 (i familien kalla «Ola bror», for å skilja han frå «onkel Ola»)

Kristine, f. 1919

Jens, f. 1922

Aagot, f. 1930

Då denne forteljinga tek til var dottera Magda gift med Olav Kristiansen frå Espevær. Dei hadde bygd seg hus på Lynghaugen – kloss ved der ein av stiane til Indremyro (gjennom «Silkebærskoro») tok av frå gardsvegen.

Som tidlegare fortalt høyrer Indremyro eigentleg til garden Stokkvik, men årsteinsfolket kjende seg alltid tilhøyrande busetnaden rundt Grutlefjorden (gardane Grutle og Hopet). Her hadde dei slekt og naboor, her handla dei og her fekk dei posten sin. Posten på Grutle kunne likevel berre brukast for vanlege brev og trykksaker, all annan post måtte dei henta på postopneriet på Lykling.

Familien Øksnes og folket i Indremyro

Fra 1905 var hovudbruken på Grutle, gnr. 141, bnr. 1 eigd av Sivert Nilsson Mæland, f. 1878, gift med Katrine Nesse, søster til Brynhilde. Han vart berre sitjande med bruken i ni år (bygdeboka seier at han var «mykje sjukleg»), då flytta huslyden til Valestrand. I første omgang vart bruken sold til svogeran på Nese, Johan Jansson Nesse («Jensa-Johanen»). Året etter selde han bruken vidare til Edvard Johan Øksnes frå Brønøy. Han var gift med ei anna søster av Brynhilde, Anna Margrete.



Ole Amundsen Steinsvåg – «Lendevikjen» - og Mette Årsteinsdotter Hestenes – «Metto».

(Foto frå Aagot Stavland)

Etter papir og matrikkel tok ikkje Øksnes over bruket før i 1937, fram til då var det Øksnes sine barn som sto som formelle eigrarar. I mellomtida var Anna Margrete Øksnes død, og Edvard vart etter ei tid oppattgift med Signe Kristiansen frå Bodin.

Øksnesen var kystlos, men også ein svært aktiv person på andre område – også i lokalsamfunnet. Det var han som finansierte og bygde ut kraftverket på Grutle med vatn frå Grutlevatnet – sjå Leidarsteidn for 2014. I planlegginga av den nye hovudvegen forbi Grutle («veganlegget Mælandsvågen-Sakseid-Håvik og Sakseid-Zahls brygge») var det tydelegvis Edvard Øksnes som var representant for bygdefolket, og me ser han m.a. på eit bilete frå ei slik planleggingssynfaring.

Folket i Indremyro hadde naturleg nok eit nært tilhøve til Øksnesfamilien, og Edvard vart etter kvart ein person som var til stor nytte for Indremyrsfolket.

Særleg minstejenta Aagot sto på svært god fot med onkel Edvard på Grutle, og ho var ofte i besøk hjå han. Som me skal sjå seinare, var han også hjelpsam i andre situasjoner.

Aarstein kjem heim til jul

Denne forteljinga startar eigentleg veslejulaftan 1939. Då kom Aarstein heim etter tre år som



*Aarstein Grutle og Brynhilde Nese.
(Foto frå Aagot Stavland)*



Indremyro under krigen. (Foto frå Aagot Stavland)

båtsmann på DS «Storfjeld» (Harald Grieg Martens rederi, Bergen). Avmönstringa var ikkje heilt som planlagd, skipet gjekk nemleg på grunn og forliste 11. desember ved Seaton Rocks, ca. 20 km sør for Newcastle i Nord-England.

Det vart sjølv sagt ei heilt spesiell jul for Brynhilde og Aagot, som var dei einaste som var heime på denne tida (både Jens og Ola var til sjøs og Kristine gjorde teneste utanbygds). Dette delvis på grunn av gåvene faren hadde med seg, men først og fremst var det glede over at far var kome heim. Særleg yngstejenta Aagot, som berre var sju år då faren reiste ut, opplevde dette sterkt.

Jula 1939 var krigen enno ikkje offisielt komen til Noreg. Men Aarstein og fleire titusen norske sjøfolk hadde vore i krig i fire månader då klokken ringde året 1940 inn. I tida frå krigen braut ut og fram til 9. april 1940 gjekk 58 norske skip tapt og 393 sjøfolk mista livet i krigsforlis.

Me veit ikkje så mykje om kor lenge Aarstein hadde tenkt å vera heime etter avmönstringa. Men ut frå dei planane han hadde lagt for vedlikehald og opprusting av hus og eigedom, må me rekna med at han hadde tenkt seg eit rimeleg langt opphold saman med familien heime. Krigsutbrotet gjorde at desse planane i alle fall måtte revurderast, men me veit ikkje kva konkrete alternativ han hadde.

Det går elles ei soge i familien om at Aarstein og broren Ola («onkel Ola») i første krigsåret vart overhøyrd medan dei i ein samtale kom til den konklusjonen «at me må sjå å koma oss over me og». Dei konkrete fakta bak denne replikken er at det var allment kjent at korkje Ola eller Aarstein kunne tenkja seg å segla «for tyskarane» - altså reisa i norsk innanrikssfart eller i fart til andre nordiske land og Tyskland.

Aagot fortel at denne tida var første gongen ho verkeleg lærde far sin å kjenna. Far tok seg god tid saman med minstejenta, til dømes følgde han henne

på skulevegen fram til Kjetteberg, der stien frå Indremyro møtte den nye hovudvegen. Her venta dei til skulebarna frå Grutlefjorden kom, slik at Aagot kunne gå saman med dei resten av skulevegen (ca. fire kilometer).

Krigen kjem til Noreg

Då folk gjekk og la seg om kvelden 8. april 1940, var store tyske marinestyrkar på veg til å gå inn i norske hamnebyar med krigsbudde soldatar om bord. Dei tyske styrkane hadde gått ut frå tyske hamner 7. april. Alt om kvelden 8.april kl. 2300 vart den delen av styrken som skulle til Oslo oppdaga av vaktfartøyet «Pol III». Vaktfartøyet var angripe like etter og skipssjefen drepen. Men før dette hadde han klart å senda melding om angrepstyrken som var på veg. Fire timer seinare vart ein tysk eskadre stoppa ved Oscarsborg og den tyske kryssaren «Blücher» senka. Så langt den generelle krigshistoria.

Då barna i Grutlefjorden – mellom dei Aagot i Indremyro – gjorde seg klare til å gå på skulen om morgenon 9. april, såg og hørde dei mange store og mindre tyske fly som var på veg nordover. Korleis dei reagerte på dette veit me ikkje heilt, men truleg reagerte dei både med redsle og forviteskap.

Med det same skulen tok til på morgenon 9. april, samla lærar Hermansen alle elevane og fortalte at Noreg var i krig og at det ikkje vart noko undervisning denne dagen. Elevane rusla deretter heim kvar til sitt. Skulen kom likevel snart i gong att og undervisninga gjekk stort sett som vanleg i resten av krigsåra.

Ola og Jens, som hadde vore til sjøs frå sommaren 1939, hadde begge mønstra av og var heimkomne før krigen kom til Noreg.

Forsyningssituasjonen

Krigen og krigshandlingane sette ein effektiv stopp for alle forsyningar til distrikta. På Bømlo var ein den gongen heilt avhengige av sjøtransport for å få fram varer. Kysttrafikken stoppa mest heilt opp etter 9. april, og det oppstod rimeleg



*Edvard Øksnes i los-uniform.
(Foto frå Anne Grethe Lauknes)*



*Garden på Grutle (nærast) som Edvard Øksnes kjøpte på 1930-talet.
(Foto frå Anne Grethe Lauknes)*

raskt mangel på både matvarer og andre forsyningar. Folk tok til å hamstra og dei som hadde råd til det kjøpte opp alt som var tilgjengeleg og det vart raskt varemanko i butikkane.


Etter mønster frå første verdskrig (på folkemunne kalla «forrige krig») vart det alt i september 1939 sett i verk offentleg kontroll med forsyninga av viktige varer og innført rasjonering på mellom anna matvarer. Fram til 9. april hadde det nyopprettet Forsyningsdepartementet, med statsråd Trygve Lie som sjef, kjøpt inn og lagra matvarer og andre viktige forsyningar for mange månaders forbruk. Men straks Noreg var okkupert tok tyskarane hand om desse forsyningane, og det var lite att til innbyggjarane.

Ansvaret for forsyningar og rasjonering lokalt låg til kommunane, organisert av eigne forsyningsnemnder med store fullmakter. Forsyningsnemnda i Bremnes kommune – som Grutlefjordområdet hørde til – vart leia av dåverande varaordførar Peder Stavland (han vart seinare svigerfar til Aagot i Indremyro).

Den vareskorten som krigsutbrotet førte med seg vart snart erstatta av ein meir permanent mangel på ein del varer, m.a. kaffi og sukker, men etter kvart også mjøl og brødvarer. Kjøt var rasjonert og omsetnaden strengt kontrollert. Også fisk og sild var i prinsippet rasjonert og omsetnaden kontrollert. Men ute ved havet, med direkte kontakt til store fiskeressursar, var mykje av denne kontrollen berre symbolsk. Eg kjem attende til dette i eit seinare kapittel.

Sjukdom og død i Indremyro

Kort før påskehelga i 1941 vart Aarstein alvorleg sjuk. Av ulike årsaker gjekk det fleire dagar før dei fekk tak i lege, men då han til slutt kom, såg han med ein gong kor alvorleg det var og gav beskjed om at pasienten måtte sendast til sjukehuset i Haugesund snarast råd var. Det var ikkje enkelt å få til ein slik transport på kort varsel, men det vart til



Indremyro 1. september 1940. Bak frå venstre: Magda, Aarstein, Brynhilde, Jens. Framme frå venstre: Alf, Ola, Aagot og Åse.
Alf, Ola og Åse er barna til Magda.
(Foto frå Aagot Stavland)

at gamlevågsskøyta, truleg med Fritjof Sørenes som skipper, skulle frakta Aarstein til Haugesund. Broren Ola bar Aarstein på ryggen langs stiar gjennom ulendt terrenget frå Indremyro til Stokkvikjo, der han vart teken om bord i skøyta, som straks sette kursen mot Haugesund.

Det vart konstatert hjernehinnebetennelse, ein sjukdom det den gongen var få eller ingen hjelperåder mot. Aarstein kom ikkje meir til medvit, og natt til Skjærtorsdag døydde han.

Seinare same dagen, altså Skjærtorsdag, kom kista heim med rutebåt. Ho vart ikkje frakta til Indremyro, men sett inn i huset til bror Anton i Gjerdet. Her sto kista fram til gravferdsdagen, som var onsdag etter påske.

Flukt over Nordsjøen

Gjennom det første halvåret etter at mannen døydde, opplevde Brynhilde at to av barna og ein svoger tok seg over havet til Storbritannia og melde seg til aktiv teneste for Noreg og dei allierte.

Våren og sommaren 1941 var Jens med motorskøyta «Bob» - H 21 BO - frå Vikafjorden. Skipper om bord

var truleg eigaren, Anton Vika. Mest sannsynleg fiska dei etter vår- og sommarsild, kanskje var dei også på brislingfiske.

Saman med Jens var m.a. Erik Grutle, ein sambygding av Jens, og Nils Vika, som hadde kjærast i Grutlefjorden. I løpet av sommaren må desse tre karane ha snakka mykje saman om korleis dei kunne koma seg unna det okkuperte Noreg og meldt seg til aktiv teneste «på rett side». Nils Vika skreiv i dagboka si at «etter megen overveielse av den situasjon jeg lever i, er jeg kommet til det resultat at det er galt av meg å arbeide for Tyskland, da jeg ønsker av hele mitt hjerte at England og de allierte skal vinne krigen». Uttrykket «å arbeide for Tyskland» viser truleg til den arbeidstenesta tyskarane og NS prøvde å organisera på denne tida. Det er grunn til å tro at grunngjevinga var den same for alle tre. Som me seinare skal sjå var frykt for å verta innkalla til tysk arbeidsteneste den viktigaste motivasjonen for dei fleste av dei som rømde over Nordsjøen siste halvår i 1941.

Resultatet av desse samtalane vart at Erik, Jens og Nils gjekk om bord i skøyta søndagskvelden 20. juli 1941, segla til Espevær for å fylla vatn og reiste etter kort tid vidare vestover. Dei tok land ved Lossimouth i Skottland onsdag 23. juli.

Denne reisa over Nordsjøen og den første tida på britisk jord er skildra inngåande i Brynjars Stautland si bok «Dagbok frå ein død soldat», og eg går derfor ikkje nærmare inn på hendingane her. Jens si teneste i det norske flyvåpenet kjem eg attende til i eit avsnitt nedanfor.

«Bob» si avreise, først til Espevær og deretter vidare mot vest, gjekk ikkje føre seg utan at nokon la merke til det. Det ryktast såleis fort kva som hadde hendt. For Brynhilde førte dette m.a. med seg at ho måtta tolka sterkt kritikk i sine nærmeste omgjevnader for det som hadde skjedd. Bakgrunnen for kritikken var m.a. at slik røming kunne føra til tyske represaliar mot både familien og bygda. Brynhilde tok seg nær av kritikken, men ikkje verre enn at ho bestemte seg for å «ta tyren ved horna» og oppsökja eigaren av «Bob», Anton Vika. Dette både for å be om orsaking for «tjueriet» av skøyta og for å høyra hans meining. Ikkje så mange dagane etter at «Bob» hadde segla mot vest, kledde ho seg opp og gjekk dei seks-sju kilometrane til Vika for å snakka med Anton.

I Vikafjorden fekk ho ei god og gjestfri mottaking. Anton Vika trøysta så godt han kunne og bad henne innstendig om ikkje å ta hendinga inn over seg. Det var ei glad og letta Brynhilde som etter eit par timer tok fatt på turen heimover til Indremyro.

Eit naturleg spørsmål i dag er om Brynhilde og familien fekk vita at «Bob» var kome vel fram og at alt sto bra til med dei tre gutane. Aagot er i dag ikkje heilt sikker, men ut frå det me veit frå anna hald trur eg at me kan svara ja på spørsmålet. Nyhende frå andre sida nådde fram, og familiene fekk vita. Korleis veit eg ikkje.

Ein lovleg kommunikasjonskanal for meldingar på tvers av frontane, var dei såkalla Røde Kors-breva. Dette var standardiserte meldingar på inntil 25 ord, som vart formidla av Røde Kors. Brynjars Stautland har dokumentert at Nils Vika og familien hans i Myrane nytta seg av desse. Det er all grunn til å tro at også Jens – og seinare Kristine – også brukte denne måten til kontakt heim. Men det er dessverre ikkje dokumentert slike meldingar frå Indremyro.

Heime på Bømlo gjekk Kristine, ei av søstrene til Jens og undrast på korleis ho også kunne koma seg mot vest og gjera si teneste for fedrelandet. Det er mykje som tyder på at Kristine, som var fødd i 1919, var langt før si tid når det galdt synet på tilhovet mellom kvinne og mann og ikkje minst kvinnene sine plikter og oppgåver. For henne var det ikkje noko sjølvsagt at berre menn kunne utføra ulike tenester for fellesskapet og samfunnet, også i krig. Tanken om å reisa til Storbritannia kom kanskje som ein naturleg konsekvens av dette. Me må også gå ut frå som sikkert at ho hadde drøfta nokre av desse tankane med farbror Ola, som også gjekk og tenkte på korleis han kunne koma seg i aktiv teneste.

Kristine arbeidde i denne tida hjå handelsmann Lars Nysæter i Lyklingfjorden. Også Edvard Øksnes må ha vore kjend med Kristine sine ønskje. Han var med i motstandskampen heime, og hadde mange og tette nettverk han kunne trekkja på. Ein ettermiddag i september 1941 kom Øksnesen syklande til Lykling og fortalte Kristine at no var det ein sjanse til å koma seg vestover. Men då måtte ho koma heim med ein gong. Kva forklaring ho gav Lars Nysæter veit me ikkje, truleg sa ho berre at ho måtte ein tur heim for å snakka med mora. Så kort tid etter at faren var død var ikkje dette noko usannsynleg



*Kristine Grutle, f. 1919.
(Foto frå Elsa Eriksen Moen)*

forklaring. Vel heime fortalte ho at ho måtte reisa bort nokre dagar, pakka ei veske med det mest nødvendige og gav seg i veg. Kor mykje mora skjøna er vanskeleg å vita, etter det som vert fortalt stilte ho ingen spørsmål. Men ho må nok ha resonert seg fram til det meste. Då Kristine sa farvel, kom mora nemleg og stakk til henne ein stor nistepakke! Deretter gjekk turen til heimen til Edvard Øksnes, der ho møtte farbror Ola. Det var «trøskjedugnad» i Gjerdet denne dagen, og Ola hadde blitt henta midt i treskinga og beden om å ta kontakt med Edvard Øksnes.

Kort tid etter gjekk vegen vidare nordover med ein motorbåt. Kven som åtte båten og kven som førte han veit me ikkje i dag, men det er all grunn til å tru at alt var organisert av Edvard Øksnes og familien til første kona hans på Nese.

Dei kom til ein stad som lokalt vart kalla «Vestre Melingsvågen», men som eigentleg er ein arm av Sønstabøvågen, eit par timar seinare. Her vart Ola og Kristine gøynde i eit sjøhus saman med fleire andre.

Det var tydeleg at det som skulle skje vidare var godt organisert. Men ein ting var gløymt: Sjøhuset vart brukt av fleire. Same kveld kom ein lokal ungdom ned til sjøhuset eit ærend. Døra var ulåst og han gjekk rett inn. Her vart han gripen bakfrå og halden fast av to par sterke armar. Han måtte gjennomgå omfattande forhøy og det vart diskutert om han skulle haldast i fangenskap inntil alle var komne seg vel av garde. Resultatet vart likevel at han vart sleppt fri mot å lova høgtidsamt at han ikkje skulle nemna det som hadde hendt til nokon. Denne lovnaden heldt han til krigen var over.

Natt til 27. september – ei laurdagsnatt – vart dei frakta om bord i MS «Nordlys» – H 131 FJ – av Brandasund. Fartøyet låg og venta i Longholmsundet, og «passasjerane» må såleis ha blitt frakta ut med båtar. Dette er endå eit teikn på ei god organisering. Det var i alt 57 personar som skulle vera med på turen, av dei seks kvinner.

Svært mange av dei som var med, har i etterkant oppgjeve at grunnen til røminga vart redsle for å verta innkalla til tysk teneste. Kor realistisk denne skepsisen var kan diskuterast, men det er eit faktum at det på Vestlandet var stor uro over utsikta til å måtta gjera tysk teneste. Eg trur at dette også var motivasjonen for mange av dei frå noverande Bømlo kommune som reiste vestover i 1941.

«Nordlys» var berre på knappe 50 fot, og det må ha vore svært trøngt for så mange personar. Lasterommet var gjort om til oppholdsrom, men dei seks kvinnene vart plasserte i akterlugaren. Me må gå ut frå at det her var liten plass for seks personar. Slike luggarar hadde normalt berre plass for to, skipper og bestmann (på notfiske skipper og bas).

Turen gjekk fint i starten, men etter ei tid «tok vinden til å gny». Vinden auka på til storm, og dei fleste flyktingane vart både redd og sjøsjuke. «Dørken flaut av oppkast» opplyser ei kjelde.

Sjøsjuke er ille, verre var det at maskinen stoppa midt i stormen. Mannskapet fann heldigvis feilen og fekk gjort nødvendige reparasjonar. Men fartøyet låg og dreiv så lenge at skipperen var redd for at dei var komne ut av kurs. Kursen var opphavleg sett for Shetland, men vart no endra slik at dei stemde mot Skottland. Risikoene for å segla forbi vart vesentleg redusert på den måten.

30. september kom «Nordlys» fram til Fraserburgh i Skottland, ei fiskerihamn like ved Kinnairds Head, knappe 30 km nord for Peterhead.

Alle «passasjerane» kom vel fram, men Kristine drog på seg ein vond halsbetennelse som det tok svært lang tid å bli kvitt (og som i følgje legane truleg var årsak til at ho seinare i livet fekk store plager med m.a. reumatisme).


I alliert teneste

Med ein gong «Bob» var trygt fortøyd i Skottland vart Erik, Jens og Nils sette i ei mild form for varetekts i Elgin, før dei neste dag vart sende vidare under vakthald til London med tog. Her vart dei innlosjerte på Patriotic School for tryggleikskontroll. Dette var fast prosedyre for alle flyktningar frå tyskkontrollerte område. Her var dei fram til 28. juli. Deretter var det å venta på nærmere ordre. I august vart dei overførte til det norske flyvåpenet sin rekrutteringsstasjon, der Jens og Nils vart godkjende for teneste i flyvåpenet, medan Erik vart overført til handelsflåten og segla for Nortraship resten av krigen.

Jens og Nils vart alt 21. august flytta nordover til flyvåpenet sin treningsleir ved Castletown, heilt nord i Skottland. Her tok dei mot eit tilbod om å vera oppassarar for offiserane, noko dei ser ut til å ha angra på mange gonger. Men tenesta gav – ut frå Nils Vika si dagbok – mykje fritid og høve til å reisa rundt å sjå seg om. Men Nils sukkar av og til i dagboka over at det var ikkje dette dei hadde tenkt seg.

Om lag samstundes med at «Nordlys» kom til Skottland, med m.a. syster Kristine og onkel Ola om bord, vart Jens og ein del andre norske rekruttar overførte til ein treningsleir for dei norske 331- og 332-skadronane ved Skaebras på Orknøyane. Her fekk dei opplæring som «skikkelege» bakkemannskap.

Medan dei var på Orknøyane vart Nils Vika borte frå tenesta ved treningsleiren, først i kortare periodar og seinare for godt. Dette var svært hemmeleg, og me veit framleis ikkje heilt kva han heldt på med under desse fråværa. Men me veit at han etter ei tid hamna i det som i ettertid har fått nemninga «Shetlandsgjengen». Dermed går han ut av historia om indremyrsfolket.



Kartskisse som syner kva felflyplassar (svart, fylt sirkel), i Storbritannia, Frankrike, Belgia og Nederland dei norske jagarflyskadronane opererte frå i tida juni 1944 – mai 1945. (Frå Luftforsvarets historie, band 2 av Vera Henriksen)

I mai 1942 vart dei to norske jagarflyskvadronane overførte til North Weald Air Force Base utanfor London. Skvadronane gjekk då inn i ei nyopprettet flyving kalla RAF 132 Wing og gjekk over i operativ teneste. Frå no av var Jens i krig, sjølv om det «berre» var på bakken. Sjølv om dei verste luftangrepa mot Londonområdet for det meste var over (Göring sitt Luftwaffe hadde meir enn nok å gjera i Russland), var flybasane ofte utsette for åtak frå lufta. Så langt eg har funne ut var det likevel ingen falne mellom dei norske bakkemannskapa der Jens gjorde teneste.

I samband med førebuingane til invasjonen i Normandie var mange av jagarflyskvadronane omorganiserte, og Wing 132 gjekk no over til å heita 132 (Norwegian) Airfield. Dette var langt meir enn ei namneendring. Det innebar at jagarflya vart plasserte på mellombels, framskotne feltflyplassar utan faste installasjoner. Alle budde i telt, og verkstader, våpenlager, hangarar, messer m.v. var i telt eller andre mellombels byggverk. Sjølve start- og landingsbanane var på gras, noko som i det våte sørengelske klimaet tilsa mykje gjørme. Eller som det står i overskrifta til eit underkapittel i Luftforsvarets historie, band 2 av Vera Henriksen: Teltliv, regn og sole. Me kan leggja til at telta for dei menige soldatane var utan botn.

Flyttinga til første feltflyplassen, Bognor ved kanalkysten, skjedde 31. mars 1944. Dette feltilværet, frå og med august 1944 på kontinentet, varte til krigen var slutt (og litt til). På vedlagde kartskisse (stolen frå Vera Henriksen si bok, s. 503) kan me sjå korleis 132 Airfield flytta seg nordaustover gjennom Frankrike, Belgia og Nederland. No skal me snart forlata Jens og tenesta hans, men først eit lite sitat frå den omtalen me finn på siste omslagsside i ovannemnde bok:

Og det var norske bakkemannskaper som sørget for å holde sine skvadroners maskiner flyedyktige, karer som arbeidet og slet under alle slags umulige forhold.

Frå britisk hald blei elles dei norske bakkemannskapa rangert som klårt best når det galdt å halda fly og utstyr i «ship shape». Medaljer fekk dei ikkje, desse var reserverte for flygarar og sjefar. Dei norske bakkemannskapa var verkeleg «menn uten medaljer».

Men frå sjølvaste Nordahl Grieg fekk dei sin eigen hyllingssong. Eg tar med dei første to versa:

*Vi flygesoldater som aldri går opp
og ikke har vinge på jakken,
vi sliter med motor, med våpen og kropp
til flyet står trimmet på bakken.
For han som skal kjempe etsteds i det blå
må vite at oss kan han stole på.*

*Vi gjorde ham rede, hans strid er blitt vår,
med det får vi bakkefolk trøstes.
Vi er de ukjente. Det vi sår,
skal oppe blant skyene høstes.
Vi takkes for slitet vårt tusenfold
når jageren tumler i seiersroll.*

For Jens vart fronttenesta avslutta kort tid før tyskarane kapitulerte. Han vart råka av gulsopt, sendt til Storbritannia og innlagd på sjukehus. Han kom til Noreg i mai-juni og fekk straks permisjon for å reisa heim.

Og så går me tilbake til søster Kristine og onkel Ola.

Som nemnd tidlegare kom desse til Skottland om lag samstundes med at Jens vart overført til Orknøyane. Etter vanlege tryggingsprosedyrar vart dei begge godkjende for aktiv teneste, Ola i handelsflåten og Kristine i hæren.

Ola Grutle mönstra på DS «Orania» (O. B. Sørensen, Arendal) som matros 15. oktober same år, og gjorde samanhangande teneste der til krigen var slutt – altså i tre og eit halvt år. Men ikkje nok med det, i juli 1945 gjekk han om bord i DS «Skum» av Tønsberg, og sto om bord der til mai 1946. Først då kunne han reisa heim til Bømlo. Ola i Gjerdet hadde definitivt gjort verneplikta si!

«Orania» var eit gammalt dampskip på under 2000 tonn, og gjekk stort sett i britisk kystfart heile krigen. Det einaste eg kan finna på warsailors.com utanom kystfarten er ein tur fram og tilbake til USA og Canada i 1941.

Kristine vart som nemnd lenger oppe godkjent for teneste i hæren og vart innskriven i den norske brigaden i Skottland, med tenestested i Dumfries. Her gjorde ho teneste til etter krigen. Rett nok, som me skal sjå nedanfor, med permisjon og endra teneste frå 1944.



Kristine i kompaniet der ho tenestegjorde som K-soldat. Ho er den lyse krinna midt i rekkja bak offiserane framme.

(Foto fra Elsa Eriksen Moen)

Kristine var altså soldat, såkalla K-soldat, ikkje lotte (som Brynjar Stautland skriv) eller i sivil teneste (som Kristoffer Bergtun skriv).

Teneste som kvinnelege soldatar vart innført av regjeringa i London i 1941/1942. Ordninga var svært omstridd, og regjeringa møtte stor motstand. Motstanden kom frå ulikt hald og skuldast utan tvil tradisjonelle haldningar om kvinner si teneste utanfor heimen (i klårt språk «kvinnediskriminering»). I tillegg kom ein meir naturleg skepsis mot at kvinner skulle gjera teneste i krig. Det faktum at norske kvinner gjorde teneste i militæruniform under krigen, er i den grad gått i gløyme boka at det i dag er svært vanskeleg å finna opplysningar om denne tenesta i vanlege norske leksika og andre oppslagsverk.

Me har ikkje mange opplysningar om Kristine si soldatteneste, men tenesta er klårt dokumentert, m.a. i eit kompanibilete frå brigaden der det er fleire kvinnelege soldatar – m.a. Kristine. K-soldatane hadde kvinneleg befal, Kristine hadde m.a. ein kvinneleg sjef, truleg kompanisjef med kapteins grad.

Svært mange av soldatane i brigaden var tidlegare kvalfangarar som var blitt arbeidsledige då dei norske kvalfangstekspedisjonane vart lagde i opplag i 1940 og seinare overført til anna teneste. I leiren i Dumfries møtte Kristine ein kvalfangar frå Tjølling i Vestfold. Han heitte Ingvar Eriksen. Desse vart etter kvart kjærastar og dei gifta seg 6. februar 1943.

Hausten 1943 vart ho gravid, og 22. juni 1944 fekk paret ei jente som fekk namnet Elsa. Ei stund etterpå vart Kristine og Ingvar mellombels overført til teneste (eller kanskje var det ein slags fødselspermisjon) i Midt-England.

10. september vart Elsa døypt i sjømannskyrkja i Liverpool. Fadrar var maskinsjef Olav Kristiansen på MS «Emma Bakke» (Knut Knutsen OAS, Haugesund) og «bestyrerinne» Johanne Marie Hollevik. Olav Kristiansen var Kristine sin svoger, gift med eldste syster Magda og dermed onkel til dåpsbarnet.

Dåpsmiddagen vart halden om bord i «Emma Bakke», med kaptein Gudmund Andreassen frå Sveio som vert og Olav Kristiansen som organisator.

Me veit ikkje så mykje meir om denne hendinga, og det skulle vore svært interessant å vita litt meir om kva dei ulike aktørane tenkte og følte ved ei slik hending. Det dei heilt sikkert tenkte på, var at krigen no gjekk mot slutten og at freden var innanfor rekkevidde. Dei allierte styrkane stod langt inne i Frankrike og nærma seg grensa mot Tyskland, og slaget om Atlanterhavet var i realitetten vunne (men risikoen for angrep var slett ikkje over). I tillegg kan eg tenkja meg at fleire av gjestene tenkte på eigne familiar heime og undrast på korleis det gjekk med dei.

Onkel Ola var ikkje til stades ved dåpen. Men det var ikkje så mykje om og gjera. Sjølvé dåpsdagen var DS «Orania» på reise frå Glasgow til Cardiff. Knappe tre veker seinare, 29. september, kom skipet til Liverpool. Det var truleg då at dåpsgava frå onkel Ola, ei lita sølvskei frå magasinet Tiffanys med motiv frå Fridomsstatuen i New York, vart overlevert. Dåpsbarnet har skeia framleis. Kva tid dåpsgåva var kjøpt inn veit me ikkje. Ola segla berre i britisk kystfart (turen til USA og Canada i 1941 var før han kom om bord). Mest truleg vart skeia kjøpt av Olav Kristiansen, «Emma Bakke» gjekk nærest i fast rute mellom New York og Liverpool frå 1942 til 1945.

Etter fødselspermisjonen vart Kristine overført til teneste ved brigaden sitt sjukehus Newlands, lokalisert utanfor Dumfries (i eit herskapshus stilt til disposisjon av Duncan-familien). Mannen vart også overført hit og gjorde teneste som ambulancesjåfør. Den vesle familien budde i ei lita leilegheit tilhøyrande sjukehuset.

Det er all grunn til å tru at Kristine og Jens møtte kvarandre i Skottland. Men me veit i dag ikkje når og korleis.

Kristine og Ingvar kom heim sommaren 1945. På grunn av skrikande husmangel etter krigen, budde dei først ulike stader rundt om i landet, før dei slo seg ned i Oslo. Men det er ei anna historie.



*Kristine og Ingvar.
(Foto frå Elsa Eriksen Moen)*



*Kristine med dottera Elsa.
(Foto frå Elsa Eriksen Moen)*



På eit rom i andre etasje i dette huset ved Dumfries budde Kristine og Ingvar med dottera Elsa. Huset var ein slags driftsbygning i tilknytning til horudhuset, Newlands, som under krigen fungerte som militærjukehus for tuberkulose.

(Foto frå Elsa Eriksen Moen)

«Blia»-forliset

Historia om «Blia»-forliset er fortald og gjenteken mange gonger, og dette er ikkje staden for noko repetisjon. Men nokre moment må med.

«Blia» gjekk frå Øklandsvågen 11. november 1941, men kom aldri fram til Shetland. Truleg gjekk ho ned i uvêret kort tid etter avgang.

Mellom dei som var om bord var Edvard Øksnes og kona hans, Signe. Øksnesen hadde blitt varsla om at han var komen i tyskarane sitt sokelys, og at han var etterlyst. Han tok desse meldingane på alvor og tok til å sjå seg om etter eit hove til å koma seg over til Storbritannia. Då han fekk kjennskap til «Blia» si planlagde reise, bestemte han og kona seg for å vera med.

Då dei kom til Øklandsvågen og fekk sjå kvavêr som var i vente, ville han snu og reisa heimatt. Som sjømann og los såg han straks at «Blia» ikkje var ei skute som burde brukast til å kryssa Nordsjøen med i november, i alle fall ikkje med storm i vente. Men kona hans sette seg på bakbeina og nekta å snu, og Edvard gav etter for henne og dei vart med.

For huslyden i Indremyro fekk desse hendingane mykje å bety, på fleire måtar. Først og fremst mista dei ein god svoger, venn og støttespelar. Øksnesen og kona hadde vore gode hjelparar i ei vanskeleg tid.

Straks det vart kjent at ekteparet Øksnes truleg var omkomne, vart buet deira sett under offentleg administrasjon, dvs. av lensmann Henrik Robberstad. Bygningane vart forsegla, og dyr måtte flyttast. Brynhilde fekk eine kua til forvaltning, og ho fekk rett til å henta nødvendig fôr gjennom hausting av grasveksten på eigedommen. Høyet måtte berast på rygg til Indremyro.

På grunn av at Ola var ute på anna arbeid i sommarsesongen, måtte det leigast folk til slåtten på Øksnesjorda. Far min gjorde dette minst ein sommar, Kristian i Hestaneset var her og slo fleire sesongar. Kristian hjelpte også til med slåtten i Indremyro.

Vidare vart det teke ut land til potetåkrar fleire stader på Øksneseigedommen. Om dette skjedde etter pålegg frå forsyningsnemnda eller om dette var ei heilt privat og uformell ordning veit me ikkje. Men at lensmannen ikkje var orientert verkar lite sannsynleg. I åra 1942, 1943, 1944 og 1945 vart det hausta relativt store mengder med poteter frå desse parsellane.

Det kjem radio til Indremyro

På grunn av lostenesta hadde Edvard Øksnes ei lita leilegheit i Haugesund. Han hadde radio både her og i huset på Grutle. Radioen i heimen var registrert på lovleg vis, medan radioen han hadde i Haugesund var uregistrert. Då alle registrerte radioar vart inndregne sommaren 1941 leverte Øksnesen inn heimeradioen og tok heim radioen som sto i Haugesund. Dette var sjølv sagt strengt forbode, men i alle fall på denne tida var det liten kontroll med dette.

Før han reiste frå Grutle for å gå om bord i «Blia», gav Edvard Øksnes radioen til Brynhilde, med beskjed om at «du får ta vare på han til eg er tilbake».

I Indremyro vart radioen plassert i eit kott på loftet. Som antennen nyttja dei ein høveleg lang isolert koparleidning som også vart nyttta som klessnor.

Radioen var berre for vaksne, men når Brynhilde var borte i eitt eller annan ærend, fekk Aagot koma opp på lemen saman med Ola bror. Radioen vart henta fram og dei to sôskena lytta til musikksendingar frå ulike stader, truleg også frå Tyskland.

Men dette var unnatak, til vanleg vart radioen berre nytta til å høyra norske nyhende frå London. Det var tre slike sendingar på norsk kvar dag, på til saman ein time. Viktige nyhende vart fortald vidare, men dette skjedde med stor varsemd. Av og til kom det stikkande folk innom til høvelege tider for å høyra dei norske kveldssendingane, men dette skjedde ikkje så ofte.

Radioen som Brynhilde disponerte gjekk sjølv sagt på batteri, utan elektrisitet i huset var dette einaste løysinga. Batteriradioane hadde den gongen to ulike batteri. Eit 90 volts tørrbatteri for anodespenninga og ein blyakkumulator på 1,5 eller 6 volt til glødestraum. Blyakkumulatorane var ikkje noko problem i så måte, dei kunne ladast på den vesle kraftstasjonen ved Grutlevatnet. Både Erling Hope og Kristian Hestenes har fortalt at det til ei kvar tid sto fleire ulovlege akkumulatorar til lading i åra 1941-1945. Tørrbatteria var det verre med, men det var ei løysing. Alle fiskefartøy hadde lov til å ha radio om bord i fiskesesongane, og eigarane fekk kjøpt slike batteri både i radioforretningar og hjå skipshandlarar. Det synest å ha vore liten kontroll med denne verksemda.

Då Ola bror reiste på fiske vinteren 1941-42, ville han ikkje la radioen vera att i Indremyro. Radioen vart derfor plassert hjå lærar Thomas Framnes på Lykling, og han disponerte radioen til Ola kom heim frå fiske. Når Framnes trong lading av akkumulatoren plasserte han denne i ranselen til Erling i Hopet. Erling bar han heim til faren – som var ein av operatørane av elektrisitetsverket – som sytte for opplading. Etterpå var det same leksa i motsett rekkefølge. Ingen ting vart sagt.

Ei tid seinare, litt usikkert når, var det andre av slektingane til Edvard Øksnes som meinte at dei hadde større rett til radioen enn Brynhilde. Ho ønskte inga krangling om dette, og radioen vart frakta lengre nord i kommunen for resten av krigen.

Mot 1945

Åra frå 1941 til 1945 var for folket i Indremyro som dei andre i bygdene ute ved havet, spanande, men likevel på det jamne. Tida gjekk med til å skaffa seg og sine nok pengar til levemåten og forsyningar til det daglege brødet. No ja, ikkje så mykje brød, men stort sett nok mat til at ein ikkje svalt. Når ein spør eldre folk i dag om kva dei minnest sterkest frå krigen, så får ein ofte til svar: «Eg var alltid svolten!»

Slik Aagot minnest, hadde dei nok brødmat, anten kjøpebrød – som var strengt rasjonert – eller heimebaka brød.

Vareutvalet vart knappare år for år og heilt utan forsyningar av viktige varer. Med brødmjøl og brød var det knapt, og kvaliteten var ikkje av den beste. Det går framleis soger på folkemunne om konsekvensane av det grove og svarte brødet som var tilgjengeleg.

Poteter og grønsaker dyrka mange sjølve, om enn ikkje alltid nok. Men det var kjärlig tillegg til det ein kunne få kjøpa på rasjoneringskarta. Større potetåkrar måtte meldast til forsyningsnemnda, men små åkrar rundt omkring på ein tomt eller småbruk vart vel helst haldne unna registreringa. På eit lite og avsides bruk som Indremyro vart nok ikkje så mykje av matauknen registrert i det heile.

Både potetdyrkinga og potetbruken auka sterkt under krigen. Poteter erstatta ofte brød og mjøl, m.a. til å jamna supper og sausar. Og ikkje minst vart dei nytta til å laga potetskaker av.

Den auka potetbruken gjorde at det ikkje alltid var så lett å berekna storleiken på åkrane og reservane av såpoteter. Dersom ein gjekk tom for poteter, måtte ein av garde til forsyningsnemnda for å få tilvising for kjøp av poteter frå ein gardbrukar som hadde overskot. Eitt år mot slutten av krigen skjedde dette i Indremyro også, dei vart i beit for såpoteter. Dermed måtte Ola bror av stad til Svortland, saman med ein annan mann frå Grutlegarden som var komen i same situasjonen. Tilvising fekk dei, og gardbrukarane dei skulle kjøpa hjå låg ikkje så langt unna. Karane gjekk av stad i kvar sin retning. Den eine kom til gilde folk og fekk både poteter og eit godt måltid mat attpå. Den andre var uheldig, gardbrukaren ville ikkje ein gong opna døra. Som den rimelege og varsame mannen han var, godtok han dette og måtte reisa heim med uforretta sak.

Det som berga dei fleste i bygdene her var tilgangen på fisk og sild. Det var gode sildefiske i krigsåra, og svært mange av mennene i bygdene her var på vintersildfiske. Då var det vanleg at alle salta seg ei tønne eller to med sild til eige bruk. Utan at eg har dokumentasjon for det, trur eg at lite av denne silda vart registrert hjå forsyningsstyresmaktene. Saltsilda vart bruka til middags- og kveldsmat utover sommaren og hausten. Som ein informant sa det: «Det var sild og poteter til middag og poteter og sild til kvelds».

Det var også gode år for seifiske under krigen, og dei fleste som hadde vore på vintersildfiske gjekk direkte over på seifiske med garn. Også her vart det sett av store mengder med fisk til eige bruk. Fisken vart salta og tørka framover mot sommaren og utgjorde ein rimeleg stor matreserve for mange.

Elles fiska dei fleste til husbruk det meste av året.

Tobakk var eit stort problem for dei som røykte. Tid om anna kom det rett nok forsyningar av tobakk, men på langt nær nok. Dermed måtte ein til med heimeavl av tobakk. Tobakken krov gode vokstervilkår, og det har nok vore ein del diskusjon rundt om i heimane når den beste jorda og dei lunaste plassane vart tekne til tobakksproduksjon.

I Indremyro reiste Ola på sildafiske på vinteren og arbeidde i Espevær om sommaren. Dette gjorde at Aagot og Brynhilde var åleine store delar av året. Derfor måtte dei leiga folk til å ta slåtten – både i Indremyro og på Øksnesjorda. Økonomisk var nok dette ei betre ordning enn at Ola skulle vore heime som slåttekar og dreng.

Sko og klede vart etter kvart svært vanskelege å få tak i, mot slutten av krigen mest heilt umogelege. Dei fleste hadde tilgang til litt ull, og det vart spunne og strikka ganske mykje. Dette gav ein særskilt velkommen tilgang på nye klede. Elles var det nok slik ein av informantane til Nils Kolle sa: «Me sydde om igjen alt gammalt». Mykje vart nok omattsydd fleire gonger. Det gjekk på eit vis. Eller som ei kjelde sa det: «Det laut gå».

Brensel til varme og lys var ei spesiell utfordring. Til fyring vart nytta ved og torv. I Indremyro var det rett nok ikkje så mykje av dette å henta på eigen grunn, men det var råd å leiga torvmark og kjøpa ved på

rot. Som oftest vart dette ordna privat, utan at det var nødvendig for forsyningsnemnda å gripe inn med tvangstiltak.

I Indremyro var ein heilt avhengig av parafinlampar til lys. Men på dette området var rasjonane så pass romslege at det med varsemd var råd å få parafinen til å strekkja til.

Eit spesielt fenomen under krigen var blendinga. Det var strengt forbode å sleppa den minste strima av lys ut. Derfor måtte alle vindauge der det kunna vera lys innanfor, tettast med tjukke, svarte papirgardiner.

Ei særskild utfordring var såpe til reinhald, både personleg reinhald så vel som klesvask og husvask. Noko såpe var å få kjøpt, både noko som likna på grønsåpe (laga av fiskeolje), hushaldningssåpe og såpe til personleg bruk (kalla B-såpe). Men kvaliteten var tvilsam – for å seia det varsamt. Men her var mykje privat initiativ ute og gjekk, og det vart produsert ikkje så lite heimelaga såpe, mellom anna med utgangspunkt i lyse (heimelaga olje av fiskelever). I Indremyro fekk dei kjøpa såpe av Petra i Myro (Petra Larsen frå Lykling). Ho produserte såpe av svært god kvalitet, laga av feitt frå slakteavfall. Ein fiskebolleboks med slik såpe varte lenge.

Vintrane under krigen var spesielt kalde. I Indremyro førte dette til at brønnen fraus til. Vatn til menneske og dyr måtte då berast heim frå Fuglatjørna, ca. 250 meter unna.

Utanom det daglege strevet vart ein god del tid brukt til foreningsarbeid. Tyskarane og nazistane var svært varsame med å gripe inn i dette frivillige arbeidet. Foreningskonene møttest etter vanleg skikk, og basarar vart haldne kvar haust. Men i alle fall ein ting var annleis: I tillegg til heimestrikka sokkar og lubber vart det som gevinstar nytta både poteter og grønsaker.

Søndagsskulen vart driven gjennom heile krigen. Kvar søndag der det ikkje var gudsteneste i kyrkja på Lykling var det søndagsskule i Grutlefjorden. Samlingane vart haldne anten i Hopet eller i stabburet til Lars Grutle. Søndagsskulelærarar var Anton Grutle (han var også min søndagsskulelærar i åra etter krigen) og Emil Hope.



Søndagsskulen i Grutlefjorden på 1930-talet. Søndagsskulelærar her er Anton Grutle.

Første rekka (framme) frå venstre: Aagot Grutle, Helene Grutle, Sigurd Hope.

Andre rekka frå venstre: Gudrun Hestenes (Tongane), Joakim Hope, Bjarne Hope, Judit Hope, Bjørg Hope, Kristian Hestenes, Erling Hope, Gudrun Hestenes (Hestaneset), Årstein Hestenes.

Tredje rekka frå venstre: Agnes Hestenes, Marta Hestenes, Karen Hope, Olga Hestenes, Gunnhild Hope, Jens Grutle.
(Foto frå Aagot Stavland)

Sjølv utan radio kom det nyhende til Indremyro også. Frontane på kontinentet vart plotta inn på eit gammalt kart, og det var stor glede over at dei langsamt men sikkert flytta seg nordover og austover frå vest og vestover frå aust. Nazi-Tyskland vart litt mindre for kvar dag. Dette skapte sjølvsagt glede og optimisme i huset. Truleg visste ikkje korkje Brynhilde eller Ola at Jens gjorde teneste like bak dei framrykkande allierte styrkane, heller ikkje at dei norske jagarskvadronane var eit viktig instrument i det nødvendige arbeidet med å reinska lufta for tyske fly.

Konfirmasjon i krigstid

Aagot fylte 14 år i 1944. Då var det tid for konfirmasjon og konfirmasjonsførebuing (som vart kalla «å gå for presten»). Førebuinga gjekk for seg om sommaren, frå skuleslutt om våren til konfirmasjonen i september. Møtestad var kyrkja på Lykling. Andre konfirmantar frå Grutlefjordområdet i 1944 var tvillingane Erling og Bjørg Hope, Martin Hestenes og Kristine Stokkvik.

Konfirmasjonsprest var Johs. Aanderaa, opphavleg frå Goddo. Han var ein slags uoffisiell vikar

for sokneprest Peter Robertstad, som sat i tysk fangenskap (alle prestane hadde lagt ned embeta sine i 1941). Aagot opplevde han som ein person som tok konfirmantane på alvor og snakka til dei på ein måte dei forsto. Det litt spesielle med han var at han brukte hest og karjol som framkomstmiddel. Eg kan godt hugsa at eg frå barndomsheimen min kunne sjå han og doningen fara opp Husabrekko i god fart.

Til konfirmasjon var det for jentene behov for to kjolar (konfirmasjonskjole og andredagskjole) og kåpe. Å få tak i dette på normal måte var uråd i 1944. Brynhilde tok problemet opp med broren på Nese. Han spurde om ho kunne skaffa ei viss mengde med egg. Kunne ho det, skulle det nok laga seg med kjoletøy, i alle fall til sjølve konfirmasjonskjolen. I Indremyro hadde dei høns, og etter ei tid kunne Brynhilde stilla på Nese med den avtalte mengda med egg. Ei vekes tid eller to seinare kom kjoletøyet, truleg gjennom nokre omvegar, frå Bergen.

Til andredagskjole fekk dei overta ein brukta bestekjole frå nokre fjerne slektingar. Denne måtte rett nok omsyast, men var elles «som ny».

For å få kåpe vart det samla ull som vart sendt til eit eller anna veveri. Tilbake kom skikkeleg ullstoff som vart utgangspunkt for ei retteleg fin kåpe.

For å få dette sydd og omsydd måtte ein reisa til «bydn» på Fylkesnes. Her var det to søstrer som dreiv med den slags. Aagot reiste dit saman med Bjørg i Hopet, som var ute i same ærend. Dei måtte opphalda seg på Fylkesnes i fleire dagar i samband med «klesproduksjonen». Dei budde då hjå Anna og Erik Fylkesnes. Anna var frå Grutlefjorden, slik at dei kom til kjensfolk. Eldste dotter til Anna og Erik var fire år yngre enn konfirmantane, og ho minnest framleis kor kjekt det var å ha desse store jentene i huset.

Til sko i samband med konfirmasjon vart det tildelt ekstra rasjoneringskort. Aagot og mora reiste til Haugesund for å kjøpa slike sko, men kunne ikkje finna noko mindre enn storleik 38. Aagot hadde små føter, og dette vart alt for stort for henne.

Brynhilde tok då kontakt med Anna i Setramyro og ba henne om hjelp. Ho hadde ein bror i Bergen som var skomakar. Han fekk nærmast «ordre» om å hjelpe, og klarte å skaffa sko i rett storleik. Dette var svært fine og gode sko, som Aagot kunne bruka i fleire år.

Det var nok eit slags skjebnefellesskap mellom desse to kvinnene og som gjorde at Brynhilde gjekk til Setramyro for å be om hjelp. Dei var jamgamle (begge fødde i 1886), begge hadde nyleg mista mennene sine og dei hadde begge nær familie ute i krigsteneste (Anna hadde to svigersøner som segla for Nortraship).

Selskapet etterpå vart halde heime i Indremyro. Det var ikkje noko stort selskap, tidene innbaud ikkje til noko slikt. Det var den nærmaste slekta og kanskje eit par til. Etter andredagsgudstenesta vart nokre gode naboar bedne til kaffi.



*Søstrene Kristine og Aagot ved minnesteinen over falne ved Lykling kyrkje eit av dei første åra etter krigen.
(Foto frå Elsa Eriksen Moen)*

Fred

7. mai 1945 var det gravferd på Grutle. Stina i Gjerdet var død, knapt 57 år gammal, etter å ha vore sjukleg i mange år. På Lykling fekk delar av gravfølget vita at krigen i realiteten var over, tyskarane hadde kapitulert for generel Eisenhower i Reims. Formell krigsslutt var likevel først neste dag. Kven som formidla desse opplysningane veit me ikkje, truleg var det nokon frå Tverrgarden. Her hadde dei hatt radio gjennom heile krigen, i lange tider gøymt i ein hidler i Selemarka.

Det må ha vore ein underleg situasjon på minnemøtet etter Stina, ei blanding av sorg over Stina, medkjensle med Anton som sat att åleine og glede og jubel at det endeleg var fred. For nokre var gleda blanda med uro over dei mange som hadde vore ute under krigen og som ingen enno visste noko om.

Dagen etter, 8. mai, braut gleda verkeleg laus. Feiringa skjedde nok meir i det stille her hjå oss enn mange andre stader. Men eg, som var fem år i 1945, minnest vel desse hendingane, både sjuande mai, som eg hugsar best, og åttande. Då for mange til Lykling og tok del i gleda der – rundt bedehuset og skulen. Trur ikkje det var noko markering i kyrkja.

Etter kvart kom det heim meldingar og helsingar, og etter ei tid var det klart at alle frå Grutlefjorden, med unntak av ekteparet Øksnes som «alle» visste var omkomne i 1941, hadde kome frå det med livet. Ikkje mindre enn fem av desse tilhørde Brynhilde sin nærmeste familie, ei dotter, ein son, to svograr og ein svigerson. Eine svogeran kom, som skrive tidlegare, elles ikkje heim før i 1946. I tillegg kom vesle Elsa, eit årsgammalt barnebarn som Brynhilde knapt kjende til og i alle fall ikkje hadde sett.

Det vart nok felt ein del gledestårer i Indremyro utover sommaren.

Kjøp av Øksnesjorda og flytting frå Indremyro

Buet etter Edvard Øksnes og kona vart sett under offentleg skifte, med o.r.sakførar Olav Vikse frå Haugesund som bustyrar. Ingen av livsarvingane var interesserte i å overta eigedomen på Grutle, heller ikkje hus og innbu. Innbuet vart seld på auksjon, med «gamlelensmannen» Magnus Robberstad som auksjonarius. Eg var sjølv til stades på denne auksjonen og minnest hendingane ganske godt.

Den faste eigedomen, bnr. 1 (hovudbruket på Grutle), med våningshuset og andre påståande bygningar vart seld til Ola og Jens. Men før dei kunne overta vart ei rekke større og mindre parsellar frådelte og selde. Dette galldt m.a. Øksnesmyro, som vart seld til Erik Grutle, Jens sin kamerat frå «Bob», og det såkalla «Tre», i tillegg til fleire tomtar.

Oppgjeret av buet og formell overföring av eigedomane tok tid, og det var ikkje før i 1947 at brn. 1 på Grutle vart overdrege til Ola og Jens.

Dermed vart det flytting frå Indremyro. Eigedomen der vart seld til Gurine og Johannes Stokkvik (ho var søster til Aarstein Grutle), som flytta dit frå Skipavikjo med fire barn, Magne, Kåre, Anna Sofie og Egil. Dei budde der fram til Anton Grutle – ein bror av Gurine – døydde i 1973. Då ovetok dei eigedomen i Gjerdet og flytta dit. Indremyro ligg no for fefot.



*Indremyro i 1954.
(Foto frå Bømlo Bygdebok, bind II)*

Skriftelge kjelder

Steinsbø, Simon	Bømlo bygdebok, band I
Steinsbø, Simon	Bømlo bygdebok, band II
Kolle, Nils	Bømlo bygdebok, band VI
Henriksen, Vera	Luftforsvarets historie, band 2
Stautland, Brynjar	Dagbok frå ein død soldat
	Kyrkjebok frå sjømannskyrkja i Liverpool, 1943 (ligg i Statsarkivet i Bergen)
	Warsailors.com
	Wikipedia – The free encyklopedia

Munnlege kjelder

Aagot Stavland (hovudkjelde)
Elsa Eriksen Moen
Åge Grutle
Ørjan Ørjansen (død 2011)
Atle Nordtun
Johan Kr. Nesse
Kristian Hestenes
Erling Hope (død 2016)
Berta Fylkesnes Alvsaker
Leiv Peter Larsen

Dikt om flukta med M/S «Nordlys»

Dette diktet av John Bakke skildrar flukta til Skottland med M/S «Nordlys» i september 1941. Kristine Grutle, som er omtala i artikkelen om indremyrsfolket i dette heftet, flykta til Skottland med denne båten.

Fra Bremnes' kyst ei lørdagsnatt
ei skøyte dro fra land.
I lasterommet lå og satt
der nesten femti mann.
Og akter i kahytten fanns
på benker og i køy -
et utvalg, halve dusinet
utav den norske møy.

Det var den syvogtyvende
september enogfør.
Ei reise fryktinngytende
i fra Gestapos klør.
I vesterveg den mørke natt
med kurs for Shetland øy,
og usett bort fra tyskerne
det ønsket mann og møy.

Og det vi fryktet aller mest
var tyskerenes fly.
Men da vi kom et stykke vest
tok vinden til å gny.
Nå vind og bølger økte på,
det ble den fulle storm,
og brottene så høye så
at de fra oven kom.

Det ble gjort sjøklart
raskt og godt
og luken skalket fast.
Og åpning gjennom fremste skott
ble laget i all hast.
En pose epler var litt trøst,
det holdt til hver en mann,
Men de ble etter hvert oppløst
av havets salte vann.

Og midt i nattens vær og vind
så ble det motorstopp.
For overvannet strømmet inn
så snart ei dør gikk opp.
En motordel som gled i fett,
den fusket grunnet vann.
Men siden pustet alle lett
da Wichmann kom i gang.

Den natten føltes lang og stri,
omsider ble det dag,
og mandag over middagstid
så løyet vinden av.
Vi fryktet å ha drevet av
nord mot det store hay,
så kurset ble litt endret da
nå været var blitt bra.

Og ferden den gikk videre
med kurs omtrent sydvest.
På dekk kom folk nå stigende
fra dvaletilstand mest.
Et hav så slett som golfbanen,
så stemningen var bra.
Med en Wichmann tent for oppgaven
skal si den sparket fra.

Fra hav kom "Nordlys" farende
inn mot den skotske kyst.
En britisk vaktbåt jagende
ga alle mot i bryst.
Så ble det hilst med flagget vårt
og alle mann på dekk.
Den store stund i minnet står
- vil aldri vaskes vekk.

Vi kom til Fraserburgh i havn,
der var vi trygt i ly.
En fly-utdannet, blid ung mann
visstnok fra Oslo by,
han tolket for oss, ga oss svar
når vi ikkje forsto,
og operasanger Johnsen var
jo også med om bord.

Vi syvogfemti var i alt
fra by og bygd og fjord.
Og alle visste hva det gjaldt
å stå på britisk jord.
Vi meldte oss - hver eneste -
til Navy og Armé,
tre, fire år i tjeneste
til cease-fire og fred.

Ja, lenge siden er det nok,
dog håper jeg og tror
at noen utav denne flokk
vil lese disse ord.
At noen har gått bort er trist,
Men mange er igjen.
Så hilser jeg på dette vis
til disse brave menn.

John Bakke

“Espeværlampen” og mennene bak

Av Bernt Emil Vika og Rolf Nesse

Espevær har ei rik historie på mange måtar.
Mykje har skjedd på øyane der vest opp gjennom tida, og det meste av aktiviteten har på ein eller annan måte vore knytt til sjøen. Mangt og mykje har òg vore laga og produsert der ute; alt frå båtar og motorar til vinsjar, taljer, tønner og teiner. Dette er nok kjent for dei fleste, men mindre kjent er kanskje at det i ein periode vart produsert mange såkalla karbidlampar på Espevær.

Bakgrunn

Gjennom alle tider har mennesket hatt behov for ei eller annan form for lyskjelde. Frå tida då sola var einaste kjelda til lys, via oppdaginga av elden, til Edison sin glødelampe og våre dagars led-lys, har utviklinga vore enorm.

I fleire hundre tusen år, kanskje så lenge som i ein million år, var elden den dominerande lyskjelda. Opne bål eller ei form for faklar vart brukte til lys når det var mørkt. Elden var også sjølv sagt ei kjelde til varme og tillaging av mat.

I hundreåra før Kristus vart forskjellige former for olje av planter eller dyr brukta i lampar med veik. Vokslys vart òg tatt i bruk på denne tida. Bivoks vart gjerne brukta i slike lys.

Koler, opne skålforma tranlampar av blekk med éin eller fleire veikar, var lenge brukta som lys innomhus her til lands. Faktisk til langt opp mot vår tid. Kolene hang i ein krok på veggen. På våre kantar la fiskarane gjerne fiskelevera i ein såkalla ”lyseholk” - ei slags bøtte av tre. Når levera hadde lege i bøtta og rotna og gjæra ei stund, flaut feittet, eller lysen, opp og kunne etter kvart skummast av. Lysen brukte dei så til brensel i kolene.

Då parafinlampen kom i handelen, rundt 1860 her til lands, var nok dette ein milepål når det gjaldt

lys så langt. Ein kunne brukta større veik i slike lampar, og veiken var gjerne forma som ei strømpe (rundbrennar). Lyset vart sterkare enn det ein tidlegare hadde vore vant med. Parafinlampen var òg relativt enkel i bruk.

Behov for sterkare lys

Men alle lyskjeldene på den tida, bortsett frå sola, hadde det til felles at lyset var relativt svakt. Behovet for betre lys melde seg stadig sterkare etter som nye oppfinningar vart tatt i bruk. Då bilane kom i bruk t.d., trøng ein lys av ein viss styrke for å kunna køyra i mørkret.

Ein annan stad det var bruk for relativt sterkt lys var i mørke gruvegangar, t.d. i Storbritannia. Under den industrielle revolusjonen på 1700-talet, var behovet for kol stort, og mange fekk jobb i gruvene, også barn. Her arbeidde dei med livet som innsats, gjerne berre i ein ljoske frå eit enkelt talglys.

På slutten av 1800-talet gjorde ein oppfinningar som skulle gi store forbetringar når det gjaldt lys både for bilar og for dei som arbeidde i gruvegangane - og for mange andre. Heilt sidan 1830-talet kjende ein til gassen etyn, eller acetylen som den seinare vart kalla. Men korleis dei skulle få til å laga store mengder av gassen visste dei ikkje. Så, i 1891, oppdaga kanadiarane T. L. Willson og J. T. Moorehead at ved hjelp av brent kalk, koks og store mengder varme, vart stoffet kalsium karbid danna. Kalsium karbid hadde den eigenskapen at når ein tilførte vatn, skjedde ein kraftig kjemisk reaksjon, og gassen atyn/acetylen vart resultatet. Ved å antennae denne gassen, brann den med eit intens kvitt lys.

Ein kan her nemna at blandar ein gassane acetylen og oksygen (surstoff) i rett forhold, brenn den med svært høg temperatur og blir gjerne brukta til sveising. Difor blei oppdaginga frå 1891 så viktig.

Utarbeiding av karbidlampar

Oppdageringa av dette kvite sterke lyset fekk mange til å sjå potensiale i å laga lampar til diverse formål. På slutten av 1890-talet tok ein difor til å utvikla såkalla karbidlampar. På grunn av ein del lukt når dei brann, var dei først og fremst eigna til bruk ute. Lampane kom i mange variantar, alt frå små lampar på hjelmane til gruvearbeidarane, til bil- og sykkellampar og store oversiktslys. Ein brukte ofte dei kjende parafinlampane som modell for utforminga av dei nye lampane, og produksjonsmaterialet var gjerne galvanisert jern, stål, sink eller messing. I første halvdel av 1900-talet var karbidlampene populære og svært vanlege.

Virkemåte

Enkelt fortalt var lampane bygde opp som ein sylinder med to kammer oppå kvarandre. I det nedre kammeret, som kunne skruast av og på, vart karbiden fylt på, og i det øvre kammeret fylte ein på med vatn. Mellom kammera var der ei røyr ned i karbidkammeret med ein ventil som kunne opnast og stengjast. På den måten kunne ein sleppa vatn ned på karbiden, som då begynte å ”koka”. Gassen som vart donna vart leia gjennom ei røyr til ein brennar, der den kunne tennast fyr på. Liten opning for vatn laga lite gass og liten flamme, stor opning for vatn laga mykje gass og følgjeleg mykje lys. Flammen var gjerne beskytta av ein glaskolbe med ein horisontal skjerm / reflektor over. Flammen kunne òg på enkelte modellar koma ut midt i ein vertikal reflektor ved kammeret for vatn. I mange karbidlampar var det forbindelse mellom behaldarane og brennaren med ein slange. På nokre lampar foregjekk tenninga slik som det gjer på ein sigarettennar, med eit lite hjul og ein flint som kunne slå gneistar. Karbid fekk ein kjøpa hos fargehandlarar, og den såg gjerne ut som stein, singel eller sand. Karbiden var relativt billig i innkjøp.

Lokale produsentar

Så trur ein kanskje at karbidlampar var noko ein måtte utanlands for å få tak i; til USA, Tyskland eller Storbritannia. Men slik var det nødvendigvis ikkje. Lampane vart òg produserte her til lands, ja, til og med så lokalt som på Espevær. Her var det to personar som gjennom mange år laga lampar. Desse var Størk Størkson, ”Størkjen”, og Bernhard Bie. I fellesskap hadde dei ein reklameplakat der dei marknadsførte lampane sine som ”Espeværslampen”.



*Størk Størkson som ung.
(Foto frå Johannes Størksen)*



*Størk Størkson og Elida Nilsen gifta seg i 1926.
(Foto frå Johannes Størksen)*

Størk Størkson vart fødd i 1876. I åra 1893 - 1901 var han i USA. Då han kom heim, kjøpte han fleire fartøy saman med brørne sine og andre. M.a. var han både i Yarmouth og Lowestoft og kjøpte sluppar. Med desse dreiv han kystfiske, sildeføring og dorging. Kjende espeværsbåtar som "Varuna", "Succeed" og "Our Boys" var i Størk Størkson mfl. si eige. I tillegg til fiske var han bonde og hadde storfe og smale. Han delte hest med Andreas Amundsen i nokre år, men denne hesten fall ned i ei kløft og døydde. Deretter, fram til 1957, hadde han hest aleine. Etter den tid har det ikkje vore hest på Espevær. Størk hadde verkstad i Mandalshuset der han bøtte garn, monterte teiner og laga river.

Størk fiska laks og hadde nøter m.a. ved Klovningen og Marholmen. Han utnytta naturen godt, og dreiv med lynging i Nordøyane og torvspading. Han dreiv òg jakt på fugl i øyane.

I 1926 gifta han seg med Elida Nilsen frå Grutle. Han var då 50 år og ho 30. Dei hadde ikkje barn. Elida døydde i 1939.

Året etter delte han opp det han hadde av eigedom og selde til forskjellige folk på Espevær. Hovudbruket selde han til brorsonen Olav J Størksen. Sjølv hadde han vilkår og budde i den søre stova.

Ved sida av arbeidet på Mandalshuset, nytta han dagane til å laga karbidlampar. Han sat då i verkstaden, det vesle raude huset over vegen for heimehuset, og arbeidde.



*Størk Størkson på sine eldre dagar.
Jentene veit me ikkje namnet på.
(Foto frå Johannes Størksen)*



*Bilete av skilt som Størk festa på lampane sine.
(Arfotografert hos Johannes Størksen)*

Her hadde han det han trøng av reiskapar. Til å bøya platene for behaldarane brukte han ei valse som han sveiva rundt. Dei sirkelrunde endane vart loddet på. Etter som det ikkje var elektrisk straum på Espevær på den tida, brukte han primus til å varma loddeboltane. Han hadde fleire stykke loddeboltar, men to og to måtte vera av same størrelse. Ein loddebolt som var i bruk vart gradvis kaldare, difor måtte han alltid ha éin liggjande på ein primus medan han loddet. Reiskapar som skrustikke, filer og diverse hamrar var sjølvsagde i ein slik verkstad.

Dei lampane ”Størkjen” laga var i to separate deler. Ein slange frå karbidkammeret leda gassen til brennaren i sjølve lampen. Slangen kunne vera relativt lang; gjerne to - tre meter. Flammen brann inni eit lampeglas forma som ei stor hengande lyspære, med ein skjerm over. Utanpå ”pæra” var det eit beskyttande gitter.

Størk Størkson døydde i 1968.

Bernhard Bie, f. 1899, var den andre på Espevær som produserte karbidlampar. Tre år gammal vart han ramma av polio, og den eine foten utvikla seg ikkje som han skulle. Dette hemma han gjennom heile livet, men trass i handikapet fekk han eit normalt yrkesliv, og greidde å utføra vanlege arbeidsoppgåver. Det blir sagt at det han mangla av styrke i føtene hadde han i armane og nevane. Som ung lært han seg til med motorar, og han reiste som maskinist, m.a. fleire gonger på islandsfiske. Frå 1943 til 1958 var han maskinist på ”Janholm” på snurpinga.

Bernhard var gift med Birgit Tønnessen, og saman hadde dei dottera Ruth. I førstninga budde familien i krambuhuset Strandbu. Så flytta dei til Neset - då Tora Tønnessen Gjelvik hadde flytta huset sitt frå Holmen og dit. Her budde dei fram til 1943. Då flytta familien til hovudhuset i Biekronå, i huset der Bernhard vaks opp.



*Huset der Størk Størkson budde. Det var i det vesle raude huset (verkstaden) at produksjonen av karbidlampane gjekk føre seg.
(Foto: Bernt Emil Vika)*



*Valse som Størk Størkson brukte i produksjonen av karbidlampar. Då Størk la ned produksjonen, selde han valsen til Johannes Mæhle. Valsa er i dag i Kåre Mæhle si eige.
(Foto: Bernt Emil Vika)*

Dei budde der til 1965, då søstera døydde. Då kjøpte han Strandbu og flytta dit. Det var på loftet i Biehuset i nærliken at han hadde verkstaden sin. I tillegg til produksjon av karbidlampar, laga han renner, smalaklavar etc. Mange kom til han med ting som måtte loddast og reparerast, t.d. primusar, lampar, bötter og spann. Han tok òg på seg maling av hus. Rundt 1930 var han med på oppussing av bedehuset.

Når han skulle forma behaldarane til karbidlampane, ”knadde” han platene rundt ein akslingstubbe. Ved sida av seg hadde han mest heile tida ein primus i gang. På same måte som Størk, måtte Bernhard også ha eit utval av loddeboltar. Dei han til ei kvar tid hadde bruk for, låg til oppvarming på primusen. Når han hadde fått platene i rett fasong, loddet han skøytyne saman, og behaldarane var klar. Så var det alt det andre på lampene som skulle lagast til og monterast. Mange detaljar skulle på plass før lampene endeleg var ferdige og kunne takast i bruk.

Bernhard var i hovudsak maskinist og fiskar. Produksjon av karbidlampar var attåtnærings for han. Han leigde skøyter, og veksla mellom å leiga hos Andreas Holme og svogeren Engel Holme.

Som mange andre søkte også Bernhard om støtte til eigen båt, ein såkalla Nygaardsvold-båt, gjennom statsbåtordninga. Her fekk han 40% dekka av staten, og det resterande beløpet, rundt ein hundrelapp, kunne han om nødvendig låna i Fiskeribanken. Dei statlege midlane vart loydve av regjeringa Nygaardsvold for å få på føte fiskerinæringa og for å styrke busettinga langs kysten. Søkte ein om båt berre til seg sjølv, slik Bernhard gjorde, fekk ein tilskot til ein robåt. Gjekk minst tre saman, kunne ein også få tilskot til større fiskefartøy. ”Havdrott I” er døme på ein slik større Nygaardsvold-båt frå Espevær.

I 1935 laga Bernhard seg åleruser og drog til Vikna for å fiska ål. Denne gongen leigde han skøyta ”Ester” og reiste nordover saman med Karl Karlsen. I 1936 leigde han ”Spenner” saman med Engel Holme, som eigde båten. Desse båtane hadde styrekappe dvs. at dei stod delvis ute og styrte. Nygaardsvold-båten til Bernhard slepte dei med seg. Her gjorde dei det veldig godt og tente bra med pengar. Før dei reiste heim selde Bernhard ein del rusene til lokale fiskarar der nord. Dei ville vita korleis Bernhard hadde laga rusene.

Bernhard Bie døyde i 1984.



*Birgit Tønnesen og Bernhard Bie.
(Foto frå Rolf Nesse)*



*Karbidlampe laga av Bernhard Bie.
På røyret i skjermen kunne det monterast ein slange som gjekk ned til karbidkammeret.
(Foto frå Rolf Nesse)*



Biekronå i 1912. Huset til venstre vert kalla Strandbu, og det i midten er horudhuset i den gamle handelsstaden som ein gong låg her. Bernhard Bie budde i begge desse husa. Huset til høgre går under betegnelsen Biehuset. Her hadde Bernhard verkstaden sin i loftsetasjen.

(Foto frå Rolf Nesse).



Okjen 1938.

Handelsforeininga på Espevær heldt til i underetasjen i Endre Olsen sitt hus i søre Okjen (huset midt på biletet). Styrar for handelsforeininga, Harald Haraldsen, budde i horudetasjen, i ein leilighet bak dei to vindauge til høgre på biletet. (Foto frå Rolf Nesse).



ESPEVÆR KARBIDLAMPEFABRIK

Innehaver: H. HARALDSEN

Telegramadd.: HARALDSEN
Telefon: ESPEVÆR

Fabrikasjon av: „Espevær-lamper“
Reservdelar alltid på lager.

ESPEVÆR, den

*Toppen av eit brevark som Harald Haraldsen brukte i samband med sal av Bernhard Bie sine karbidlampar.
(Faksimile frå Åse Bergsvik)*

Stork Størkson og Bernhard Bie laga kvar 20 - 30 karbidlampar i året på 1930-talet. Lampane vart mykje brukt på båtar til dekkslys, eller på doryane snurparane hadde med seg. Elles var dei i bruk på verkstader, sildesalteri, i humraparken o.l. Men også andre på Espevær tok i bruk karbidlampar. Thorvald Bie hadde éin hengande over butikkdøra, og både Julius Sørensen i smia si og Anders Kvernenes på sluppen nyttet seg av karbidlampar.

Harald Haraldsen

På 1920-talet vart det etablert ei handelsforeining (samvirkeleg) på Espevær. Som styrar for denne vart tilsett Harald Haraldsen frå Bjoa. Forretninga heldt til i søre Okjen, i underetasjen i Endre Olsen sitt hus. Her selde Haraldsen eit assortert utval av varer til folket på Espevær. Han var òg "agent" for Bernhard Bie, og reklamerte med at han var innehavar av Espevær Karbidlampefabrikk. Deler til lampane kunne han òg skaffa. Handelsforeininga var ikkje så lenge i drift, og nokre få år innpå 1930-talet vart ho avvikla. Haraldsen kjøpte fiskebåten "Geir", som han leigde bort. Mykje av utstyret til denne båten, t.d. garnlenker, laga Haraldsen sjølv. Etter krigen frakta han og utrusta båtar til islandsfiske.



*Harald Haraldsen i arbeid på Espevær Gjensidige Assuranceforening.
(Foto frå Margot Haraldsen)*

Rundt 1950 vart han direktør for Espevær Gjensidige Assuranceforening. I 1956 bygde "Assurancen" nytt hus. I 1957 flytta Haraldsen inn i leiligheten der med familien sin.

Harald Haraldsen døydde i 1968.

Ein som brukte karbidlampe på Espevær var skomakar Johann Andersen. Han heldt til i underetasjen på krambuhuset Strandbu. På grunn av gassfaren hadde Johann behaldaren med karbid og vatn utfør vindauga til verkstaden sin, og slange inn til sjølve lampen. Ein gong var det nokre ungdomar som ville gjera litt "fant" med skomakaren.

Dei knepte på slangen, og når dei gjorde det, dalte lyset og vart svakare. Ein skulle då tru at skomakaren vart sint og brukte kjeft, men det gjorde han ikkje. I staden tok han dei inn på verkstaden og snakka med dei, og fortalte og forklarte. På den måten fekk han dei til å slutta med fantestrekane.

Petromax-lampen og elektrisk straum

Petromax-lampen vart laga og patentert i Tyskland allereie på 1920-talet. Dette var ein type primuslampe som brann parafin via ei glødestrømpe eller glødenett. Lampen lynte godt, og var enklare i bruk enn karbidlampene. Han vart difor ein sterk konkurrent til karbidlampene då han kom til Noreg for fullt på 1940-talet. Både Stork og Bernhard avvikla då produksjonen heilt. Det gjekk her som det har gått ved så mange høve i historia. Tidene forandrar seg, og eit produkt som på eitt tidspunkt vart betrakta som sjølvsagt og uunnverleg, vart ved nye oppfinningar brått gammaldags og avleggs. Når så elektrisk straum kom til Espevær i 1953, vart ”gammaldagse” lampar gradvis tatt ut av bruk. Ingenting kunne måla seg med elektrisk lys. Då Stork slutta med karbidlampe-produksjonen, fekk Johannes Mæhle overta valsa han brukte til å laga lampar med.

I Odda har det vore laga store mengder karbid. Ved smelteverket der hadde dei ein av verdas største karbidsmelteonnar. Karbid herfrå vart nytta i jern- og stålindustrien, m.a. til å fjerne svovel frå stålet i smelteprosessen. Odda Smelteverk vart nedlagt i 2002/03.

At karbid er eit farleg stoff viser ulykka med fiskebåten M/S "Håkon Hatløy" frå Karmøy den 18.02.1973. Lenge var det vanleg at fiskebåtar hadde med tønner med karbid som fiskarane kasta ut i sjøen for å styra fisken inn i nota. Når karbiden kom i sjøen, ”kokte” den og skremde fisken i den retning fiskarane ville ha han. "Håkon Hatløy" hadde òg slike tønner med karbid stående under bakken framme. Det må ha kome vatn til karbiden på ein eller annan måte, for brannfarleg gass var blitt danna. Ein av fiskarane var ikkje oppmerksam på dette og tende seg ein røyk i nærleiken av karbiden.



Bernhard Bie laga mange fine gjenstandar i koppar.

Her er to eksemplar på det.

Begge gjenstandane er omlag 10 cm lange.

(Foto: Bernt Emil Vika)

Ein veldig eksplosjon var resultatet, og båten kantra og sokk. Seks mann omkom. Ulykka skjedde i Magerøysundet medan båten var på veg til Jøvik i Ullsfjord med ei last lodde.

For spesielt interesserte er det framleis mogeleg å få tak i karbidlampar. Ved søk på internett er det fleire tilbydarar som sel både lampar og karbid.

Kjelder:

Kari Shetelig Hovland: Bømlo bygdebok III

Håkon Størkson

Johannes Størksen

Kåre Mæhle

Flukta med motorbåten “Solid”

Av Bernt Emil Vika og Lars Inge Vestvik

I tidlegare nummer av Leidarsteidn har det vore skrive om fluktbåtane frå gamle Bømlo kommune som drog over til Shetland, Orknøyane og Skottland under krigen. Ein båt som drog, motorbåten ”Solid” frå Vestvik, har ikkje vore omtalt tidlegare. Denne båten skil seg frå dei andre ved at ingen av dei som flykta var frå Bømlo. Me tar likevel med historia omkring denne flukta, etter som ho har tilknyting til vårt distrikt og fekk store fylgjer for ein av dei som drog og familien hans.

Bakgrunn

Noreg vart okkupert av Tyskland den 9. april 1940, og allereie den første sommaren etter okkupasjonen la fiskefartøy ut frå vestlandskysten med kurs for Shetland. Med seg om bord hadde dei folk som ville delta i motstandskampen eller som på ein eller annan måte hadde behov for å koma i sikkerhet. Mange var jødar, ei folkegruppe som i fylgje dei tyske styresmaktene, med Adolf Hitler i spissen, skulle utryddast. Ein god del fiskefartøy kom ikkje tilbake til Noreg, medan andre kryssa Nordsjøen fleire gonger. Flyktningar vart frakta ut av landet, og agentar og utstyr til dei norske motstandsstyrkane vart tatt med tilbake. Trafikken med fiskefartøy varte i omlag to år. Utetter våren 1942 vart tapstala så store at ein måtte gi opp denne måten å frakta folk på. I alt flykta rundt 3300 personar på nærmere 300 sivile farkostar frå Noreg til Storbritannia desse åra. Langt frå alle kom over i livet. Omlag 10 % av dei som reiste omkom. Tre ubåtjagarar, KNM ”Vigra”, ”Hessa” og ”Hitra”, vart etter kvart sette inn i trafikken over Nordsjøen. Ingen liv gjekk tapt medan desse båtane var i bruk.

Ein jødisk familie frå Stavanger

I tiåra før vår tidsrekning vart landet der jødane budde erobra av romarane. I dei neste 2000 åra, fram til 1948 då staten Israel vart oppretta, hadde ikkje jødane nokon nasjonalstat å bu i. Dei vart spreidde over store delar av verda, og budde ofte i såkalla gettoar i større byar.

Dei to jødane Hille og Judith Becker, som me skal få litt kjennskap til her, budde i Russland, men på grunn av antisemittisme og forfølging rømde dei i 1914 til Noreg. Her gifta dei seg og fekk tre barn; Ada, Herman og Israel. I 1928 slo dei seg ned i Stavanger der Hille opna ein urmakarforretning.

Då krigen starta i 1940, levde familien eit normalt liv i Stavanger. Herman, som det mest skal handla om her, var glad i fotball, musikk og sjakk. Han var no 20 år gammal, og hadde ein kjærast, Aslaug, som var 5 år yngre. Herman hjelpte til i urmakarforetninga til faren.

Men trass i at livet no såg ut til å vera godt å leva, hadde ikkje Herman fred med det livet han levde. Året var no 1941, og Noreg hadde vore okkupert i eit års tid. I løpet av denne tida hadde Herman lært seg at ein ikkje måtte dela tankane sine i utrengsmål, heller ikkje med dei aller nærmaste. Ein kunne aldri vite heilt sikkert kven som var venn eller fiende.



Herman Becker.

Flukt


Heilt utan varsel vart han ein dag borte utan å gi beskjed til familien om kvar han hadde tenkt seg. Det han no hadde bestemt seg for var å kjempa mot okkupasjonsmakta og på den måten tena landet sitt. Måten han best kunne gjera dette på var å flykta over til Storbritannia og så koma seg inn i dei allierte styrkane der.

Flukta starta i august 1941, og saman med åtte andre ungdomar reiste han nordover til Bømlo. I tillegg til Herman Becker var desse med; Andreas Alveberg, Jan Axdal, Knut Gilje, Øystein Helge Rullestad, Magnus Stensland, Andreas Alveberg, Lars Magnus Sønneland og Thor Tollesen. I tida medan dei var på Bømlo budde dei i løa til Amund Eide, "Hattaløa", på Eide. På Bømlo kom dei i kontakt med eigarane av motorbåten "Solid"; Elias L Vestvik, Elias E Vestvik og Lars Vestvik.


"Solid" vart bygd på Spissøy i 1927 og var 34 fot lang. Motoren var ein 12 HK Wichmann. Medan båten var heimehøyrande i Vestvik, vart han brukt til sildefiske, seifiske, teinefiske og makrelldriving. Registreringsnummeret var H-63-BO.

Ungdomane ville gjerne kjøpa båten, og ein sum på 2.500 kroner vart avtalt. Betalinga skjedde kontant, og det var Øystein Rullestad som signerte kontrakten for kjøparane og Lars Vestvik for seljarane.

Sjømannskap og kunnskap om navigasjon var det så som så med blant ungdomane. Dei hadde heller ikkje mykje å hjelpe seg med, det einaste instrumentet dei hadde å navigera etter var kompass. Lars Vestvik tilbaud seg difor å vera med dei vestom øyane og peika ut kurser for dei. Han tok robåten sin med på slep. Då dei la i veg frå Bømlo den 14. august 1941 var ein god del folk samla for å ta farvel med motorbåten "Solid". Det var sjølv sagt ein potensiell fare for at nokon ville rapportera flukta, men dette skjedde ikkje. På tilbaketuren rodde Lars med ei dorg hengjande etter båten. Han ville vera på den sikre sida i tilfelle kontroll frå tyskarane si side.



Motorbåten "Solid" med Lars Vestvik på dekk.
(Foto frå Lars Inge Vestvik).



Kjøpekontrakt for motorbåten "Solid".
(Faksimile ved Lars Inge Vestvik).

Over til Orknøyane

Den 17. august 1941, etter 58 timer i sjøen, nådde dei Kirkwall på Orknøyane. Etter som motoren braut saman før dei var over, måtte dei ta seg fram med segl det siste stykket. Vêret på overfarten var fint, og dei såg verken skip eller fly på turen.

Foreldra heime i Stavanger hadde nok mistanke om at Herman hadde dratt til England. Dei underretta kjærasten, Aslaug, om dette, og ho vart svært overraska. Dei melde han sakna, og både foreldra og kjærasten vart innkalla til lange avhøyr, men dei greidde å halda tett om mistankane sine. Men det faktum at dei var jødar gjorde lagnaden til familien svært usikker, uavhengig av flukta til Herman.

I Kirkwall blei ungdomane straks internerte i ein flyktningleir. Her måtte dei gjennom forhøy og undersøkingar. Britane måtte vita om det dreidde seg om venn eller fiende, og dei hadde etter kvart utvikla gode rutinar på dette med flyktningar over Nordsjøen. Church og Scotland bidrog med mat, og Norway Relief Depot ordna med klede og andre ting flyktningane måtte ha behov for, m.a. sigarettar.

Ferda vidare



Royal Victoria Patriotic School sørvest i London, der alle flyktningar som kom til Storbritannia måtte innom.

Frå Orknøyane vart dei frakta vidare til Aberdeen i Skottland, der nye avhøy venta. Etter som det ikkje var noko mistenkeleg med mennene, vart dei sende vidare til Royal Victoria Patriotic School i London. Dette var eit mottak for flyktningar frå heile verda, og formålet var å «forhøre utenlandske flyktningar og rømlinger, samt å samle etterretning og videreformidle denne informasjonen til relevante organer.»

Herman budde på hotell i London betalt av den norske ambassaden, men måtte mönstra på mottaket kvar morgen for avhøy og diverse oppdrag.

Men ingen fekk bli verande på Royal Victoria Patriotic School over tid. Alle skulle vidare ut i teneste. Så langt det let seg gjera fekk ein sjølv velja forsvarsgrein eller teneste. Mange nordmenn valde den norske handelsflåten, men ein del gjekk også inn i marinen, hæren eller flyvåpenet. Atter andre valde å bli med i shetlandsgjengen som dreiv illegal transport over Nordsjøen. Kvinnlege flyktningar fekk gjerne teneste i saniteten, men nokre av dei kom også inn i ordinære stridande styrkar.

Til Canada

Herman ville gjera teneste i flyvåpenet. Opplæringa for nordmenn som valde denne tenesta gjekk føre seg i Toronto i Canada - i Flyvåpenets Treningsleir, det som blei kalla Little Norway. Saman med ni andre nordmenn blei Herman tatt opp til denne tenesta i byrjinga av september 1941. Eit provisorisk pass blei utstedt på han, og i midten av september drog dei frå Liverpool med eit troppetransportskip i konvoi.

Herman drøymde om å bli pilot, men draumen blei knust etter som han ikkje fekk tak på dette med å landa eit fly. Han enda i staden opp som navigator, også ein viktig jobb på eit krigsfly.

Opphaldet i Canada varte i halvanna år. I løpet av denne tida hadde det skjedd dramatiske ting med familien heime i Stavanger. Alle hadde blitt arrestert og frakta til Auschwitz; Hille og kona Judith, dottera Ada og sonen Israel med kona Ida og den vesle guten deira. Alle blei gassa ihel, den siste av dei den 3. mars 1943.

Tap av statsborgarskap

I desember 1942, medan Herman var i Canada, mista han det norske statsborgarskapet.

Innanriksdepartementet, som var sterkt nazifisert, gjorde vedtaket. Her står det m.a. at Herman Becker «oppholder seg i utlandet og viser en adferd som vitner om fientlig sinnelag mot den norske stat og er egnert til å skade dens interesser». Samtidig blei formuen hans «inndratt til fordel for statskassen». Å ta statsborgarskapet frå nordmenn som flykta til utlandet var vanleg prosedyre under krigen.

Tilbake til England

Då Herman kom tilbake til England frå Canada utpå våren 1943, visste han om lagnaden til familien sin. Han hadde eit brennande ønske om å koma seg ut i kamp for å ta hemn. Men først etter eitt år med rekognosering på Catalina sjøfly, fekk han ønsket sitt oppfylt. Han blei overført til den australske 464-skadronen og kom i teneste på eit Mosquito angrepssfly. Invasjonen i Normandie var då kommen i gang, og oppdraget var å hindra tysk framrykking. Mange angrep, både i Nornandie og andre stader i Europa var svært risikofylte, men det gjekk fint - heilt til han fekk ordre om å vera med på angrep mot Gestapo sitt hovudkvarter i København. Den danske motstandsbevegelsen var under sterkt press

og trang assistanse. Dette var eit spesialoppdrag; å bomba midt inne i ein stor by kravde presisjon. Unøyaktighet ville medføra at mange sivile liv gjekk tapt.

Angrep på Gestapo i København

Angrepet, som skulle skje på formiddagen den 21. mars 1945, var godt planlagt og organisert. Fleire angrepsbølgjer skulle følgja etter kvarandre frå sør. Over 50 fly deltok i angrepet. Men mange fly bomma på målet, og 102 menneske, dei fleste barn, omkom. Då angrepet var over, skulle flya gå i ein bue nordover langs kysten av Sjælland. Men her venta tyske luftvernkanoner. Flyet Herman sat i vart treft av splintar frå andre fly og gjekk ned. Sjølv om mange sivile liv hadde gått tapt, blei angrepet rekna som vellukka, i alle fall frå eit militært synspunkt.

Nokre dagar etter angrepet rak eit lik av ein soldat i land på Samsø. Det var ingen identifikasjonspapir på soldaten. Han vart gravlagd, og gravstaden merka med orda «en ukjent britisk flyger». Eit telegram vart sendt til faren om at sonen var sakna. Men i Stavanger var det ingen i familien til å ta imot telegrammet. Det vart difor overlevert til kjærasten Aslaug.

Slutten

Slik enda historia om Herman som flykta frå Bømlo ein augustdag i 1941. Som dei fleste nok kjenner til var ikkje familien til Herman dei einaste jødane som hamna i konsentrationsleir og tatt av dage under krigen. Omlag 6 millionar leid same skjebne i det som blir kalla holocaust - før galskapen tok slutt.

Motorbåten "Solid" kom ikkje tilbake til Bømlo. Han skal ein gong i etterkrigstida ha vore observert på Færøyane, men lagnaden elles er ukjend.

Kjelder:

Frode Sæland: "Herman Beckers krig"

Reportasje i bladet "Vi Menn"

Bernh. Lund: "Det hendte i Rogaland. Blad av heimefrontens saga"

Bømlo Tur- og Sogelag: "Fartøy til fiske og frakt"

Enok Eide minnest

Av Enok Eide, ved Bernt Emil Vik

Enok Gustav Eide vart fødd 17. august 1903 og levde til 24. april 1987. Han var son til Sofie og Lauritz Eide, og budde det aller meste av livet sitt på garden Eide på søre Bømlo. Som far sin Lauritz, ordførar i dåverande Bømlo kommune frå 1920 til 1934, var også Enok ordførar, og hadde vervet frå 1. januar 1948 og fram til kommunesamanslåinga 1. januar 1963. Enok var òg leiar av byggenemnda for Bømlo kyrkje som vart vigsla 10. april 1960. I teksten nedanfor skriv Enok om livet sitt. Teksten vert gjengitt med løyve frå sonen Lauritz Eide.

Frå Landslaget for bygde- og byhistorie, - og Nasjonalforeningen for folkehelsen har eg fått brosjyre der dei innbyr til å skrive minneoppgåve for eldre - dei som er fødd 1914 eller før, med rettleiing om kva dei helst vil ha greie på.

Skal ein fylgje rettleiinga som står her ville det vel nærmast bli ei lita bok av det, men det var vel ikkje meiningsa. Skal ein samanlikna mi barndomstid med det ein høyrer i massemedia om forhold i U-landa vil det vel bli nokolunde likt. Eg skal prøve å få fram noko av det eg har opplevd her frå denne kanten av landet.

Eg er fødd på garden Eide 5443 Bømlo, Hordaland fylke. Garden Eide er delt i 4 bruk med nokolunde lik storleik. Me fekk br.nr. 1. I ei skikkeleg jordbruksbygd ville dette bruket blitt kalla for småbruk, men likninga her meinte det skulle kallast gardsbruk.

Denne garden har gått frå far til son i fleire slektsledd. Såleis budde min tippoldefar på Eide i åra 1795 - 1828. Min oldefar held fram med å bu her frå 1829. So kom min bestefar og budde her i si tid. Han var fødd 1828 og døde 1917. Han hadde ein færingsbåt og fiska hummar attåt garden. Far fekk garden i ung alder og hadde han til eg overtok i 1930-åra. Far levde 1866 - 1945. Han dyrka ein del nytt land. Men han hadde det meste av årsinntekta frå fiskeria. Det var det årlege vintersildfisket om vinteren. Makreelldriving på våren og makrelldorging i Nordsjøen i sumartida. I 1902 bygde han nytt bustadhús, gifte seg for 2. gong, og flytte inn i nytt med ny kona. Og den 17. august 1903 kom eg til verda. Seinare kom det til 9 sysken. To døde då dei var små. men 5 gutter og 3 jenter lever og har sine hus og heim med familie ganske i nærleiken her.



*Enok Eide som ung.
Kanskje biletet er tatt medan han var i USA?
(Foto frå Lauritz Eide).*

Det var berre ein av naboeane som hadde barn då. Han hadde 2 småjenter som var såpass store at dei ville bort og sjå denne nykommaren. Og det er fortalt meg at dei stod svert oppmerksame og såg på når dei sat i omnskråa og stelte meg. So sa dei: Våre born er ikkje so som dåkas born.

Løa/driftsbygningen vart bygd i 1909. Det vart til at eg som var eldst skulle ha garden. Og dermed vart eg buande i huset som eg vart fødd i til den dag i dag, og vert nok buande i det i den tida eg har att å leva

Huset var eller er av den typen som var bygt her i den tida. $1\frac{1}{2}$ høgd med kjellar under heile huset, men kjellarmuren var av gråstein og 1 m tjukk, so den tok noko av rominnhaldet. I første høgd var 2 stover, kammer, kjøkken og gang. Ovanpå var salar og skråkammer, so der var sakte plass til ein del ungar.

Eg nemnde før at far var mykje på fiske. Eit minne frå barneåra frå den tid vil eg ta med her, eg tykkjer det er so fint. I den tid hadde dei med seg nokso mykje nistemat. Når mor hadde pakka nisteskrinet og klesekken og alt stod klart å ta i hendene og gå til sjøs og om bord, bøygde far sine kne ved benken saman med mor og dei største borna, som hadde fått forstand på det, og bad Gud om å ta han som reiste ut og oss som skulle vera heime i si varetekts. Det var so fredeleg og trygt ei slik avskjedstund.

Det var også mykje stas og gildt når han kom heim med silderisp på sjøstøvlane som han la i omnskråa til tørk. Og me borna sette oss til å skrapa rispa av so dei skulle vera reine og turre til smørjing. Det var alltid lærstøvlar dei brukte den tid. Dei måtte setjast godt inn med feittsmurning skulle dei vera nokolunde tette. I dag brukar dei alltid gummistøvlar til sjøstøvlar. Dei er gode og tette, iallfall i førstninga av sildetida.

Når silda kom inn til vågane her på våre kantar (den var årvisser her i mine guttedagar), fekk me alltid skulefri. Og me gutane i 12 - 14 års alderen fekk garn av foreldra våre og færingsbåten til disposisjon. Me kunne få frå nokre silder opptil det båten kunne bera. Fekk me 1 hl eller meir, rodde me til saltebua og selde. Dei pengane me fekk for silda me leverte var våre. Lommepengar frå foreldra eksisterte ikkje. Det var veldig gild og morosam skulefri tykte me. Me gledde oss til å verta konfirmert. Då var det til å gå rett i fiskebåten anten med far eller andre som hadde båt og bruk. Fortsatt skulegong var ikkje snakk om.

Eg hadde gått 7 år i folkeskulen, men eg fekk ikkje gå for presten til konfirmasjon for eg var for ung. Eg måtte gå det 8. året for å bli konfirmert. Far meinte det var bortkasta tid til å gå det 8. året. Det var betre å vera heime og gjera noko, å hjelpe han med å dyrka garden eller vera med i fiskebåten. Eg gjekk likevel i skulen frå nyåret og ut skuleåret, bortsett frå då silda kom inn til lands her.



Lauritz Eide, far til Enok.
(Foto frå Per Arne Lønning).

Då var eg med far på fiske, først med botnagarn, etterpå med landnot. Me var 5 mann som rodde i ein liten fiskebåt som tok ca. 50 hl. Me budde heime og hadde eit godt stykke å ro til der me sette garna. Me fekk last i båten morgon og ettermiddag, sette garna, rodde inn i hamna og låste lastene. Og so rodde me heim att for overnatting. Dette fisket heldt seg slik heile veka. Det var trøytte og såre hender og armar for skuleguten den veka.

Etterpå vart me samde med mange andre å kasta mange tusen hl sild som seig inn på ein våg her (Vorlandsvågen). Ved notfiske hadde me lossementa, ei skøyta som me budde i. Me var kome so langt at me hadde teke til å ta opp sild og lasta i den første isabåten. Han skulle ha fleire tusen kassar isa sild å gå til England med.

Medan me heldt på med dette fekk eg ordre frå skulen: Eg måtte møta fram til skulen til eksamen, eg var jo i konfirmasjonsalderen og eg ville vel bli konfirmsert. Eg måtte bryta av sildeopptaket og gjekk på skulen, og møtte til eksamen. Eg var ikkje nett førebudd og opplagt til det, men eg fekk gå for presten og eg vart konfirmsert den 6. oktober 1918.

Familiesamværet var alltid godt tykte eg. Men me måtte hjelpe til med arbeid etterkvart me vaks til og kunne gjera småting. Fritidsaktiviteter i heimen var det ikkje, det eg kan minnast. Far kunne ikkje syngja, for ikkje å snakka om musikk, men han les ein heil del blad og bøker når han var heime - om sundagane då. Mor hadde ikkje tid til noko slikt. Eg tykkjer ho hadde eit umenneskeleg slit som ikkje hadde kunna gått an i dag då ein ikkje har lov til å arbeida overtid, anna nokre få timer for veka. Når eg tenkjer på det arbeid ho fekk gjennomført, er det meir eit under enn eit faktisk utført arbeid.

Og eg vil fortelja litt om dette. Utanom det daglege arbeid med vasking og koking av mat til so mange, var ho med på husarbeid på garden. Ho var med og klipte sauene, ja klypte visst dei fleste. Og so snart alt var innhausta tok ho til med ulla. Ho karte, grøypa og tulla som me sa, og spann tråd til store vadmålsvever. Rokken surra og gjekk til seint på kveld. Når det leid på kvelden, hende det ofte at rokken stoppa av og til. Då duppa ho ogsov kanskje 5 minutt eller litt meir. So starta rokken igjen, og so heldt ho det gåande, ofte til midnatt. Når ho hadde fått nok tråd til ein vev, var det til å få støyrene på plass (dei stod alltid på loftet), få tråden på plass og ta til å veva. Til det hadde ho ofte Joruds-Marta til å hjelpe seg. Ho var sterkt og flink til å veva. Ho vov so loftet og støyrene dirra. Eg var so stor då at eg kunne lage spolar. Dei laga eg so fine at ho var vel nøgd med dei. Men dersom eg skulka unndan og ikkje hadde ferdig spole når ho trong dei, fekk eg ein fela kjeft, so eg fekk veta kva kar eg var. Til bomuldstøyet kjøpte dei alltid tråd til å laga ein slik vev av.



Foreldra til Enok, Lauritz og Sofie.
(Foto frå Lauritz Eide).

Mor hadde lært å sy då ho var ung jente. Ho gjekk rundt i heimane og sydde kler til folk, som dei gjorde i den tida. Og det kom vel med no. Når vevene var ferdige, hadde ho tøy å sy av, og ho sydde underkler til alle av vadmelsveven. Dei var varme og usliteleg sterke. Av bomuldsveven sydde ho skjorter og anna. Dei var og veldig slitesterke. Men når klerne vart for små til ein, var det alltid ein annan som kunne krype inni dei, som dei passa til.

Kosthald.

Kosthaldet var vekslande og godt tykte eg. Når me fekk tak i den fyrste silda som kom under land, var den alltid stor, feit og fin. Av den salta ein 1 tonna som skulle takast heim i kjellaren. Den skulle vare til neste fiske. På slutten av sesongen tok ein heim $1\frac{1}{2}$ hl. vårsild. Den vart sløya, laka so den vart passeleg salt til å eta, og hengt opp til tørk. Når den var i spek, var det god mat utover våren og forsumaren.

Etter sildefisket kom her alltid storsei som me fiska eller stundom kjøpte. Den vart flekt, salta og 100 stykker av den sorten vart hengt opp på løebordtaket til tørk. Når den var passeleg turr, vart den knippa saman i passelege knippe og hengt opp på loftet eller lagt ned i kister. Der heldt den seg godt til neste fiske.



Lauritz Eide var gift to gonger. Her er barna samla ein gong på slutten av 1950-talet.

Frå første ekteskapet med Inger Gurine Eidesvik er dottera Inger (g.m. Ole Barene) som nr. to frå høgre framme.

Dei andre på biletet er frå ekteskapet med Sofie Andal.

Framme frå venstre: Eli (g.m. Johan Vespestad), Tilla (g.m. Johannes Hovland) og Gerda (g.m. Alfred Samdal jr.)

Bak frå venstre: Lauritz (g.m. Martha Vika), Enok (g.m. Berta Sikvaland), Kristian (g.m. Liv Kristensen),

Sigvald (g.m. Sohveig Hovland) og Torvald (g.m. Agnes Bua).

(Foto frå Erling Eide).

I sumartida var det til å ta feringsbåten å fiska omkring holmar og skjær rett utanfor her me bur. Då fekk me alltid godt med fisk, småsei, pale, lyr og torsk. Men den måtte brukast fersk eller saltast. Me hadde jo ikkje frysar som ein no har, men varierte med kokt fersk fisk, steikt fisk eller med fiskekaker eller fiskeboller.

I tillegg til alt dette hadde me alltid ein gris. Den måtte bli stor, helst noko over 100 kg. Den blei som regel slakta god tid før jul. Med alt dette kunne me variere kosten nokso godt. Tørrfisk og steikt flesk likte me godt. So var det erter og kjøt og flesk til sundag. Eg veit ikkje av at me kjøpte noko. Poteter hadde me alltid nok av. Jordkjellaren var full kvar haust av sjølvavl poteter.

Menyen såg som regel slik ut: Til frukost kaffi og potekaker. Til middag variert av det som nemnt

framanfor. Til mellemat potekaka med pannekaka til. Til kvelds graut og mjølk. Me hadde alltid nok mjølk og som regel alltid nok heimelaga smør.

Helsetilstanden var vel upåklageleg, bortsett frå at nr. 3 og 4, to gutter døde då dei var små. Elles var det nok ein del barnesjukdomar. Men far hadde ein veldig påkjenning ved første ekteskapet. Då mista han 5 born og kona. Berre ei jente, den siste, levde til ho vart gamal. Den yngste gutten døde då han var 20 år. Det var tuberkulose som tok dei. Men som sagt, det måtte vera ein veldig påkjenning for han. Sjølv fekk eg skarlagensfeber då eg var 6 år, og hadde so nær stroke med. Doktorhjelpa var svært dårleg på den tida.

Miljøet heima må vel seiast å vera bra. Far og mor var innstilt på at me borna skulle vera arbeidssame og lydige. Og det var me.

Far gjekk alltid til kyrkje og møter i Bedehuset, og eg som liten smågut var alltid med han til eg var so stor at eg gjekk sjølv. Guds frykt og nøysomhet var mottoet hans. Etter me hadde ete middag, sundag, heldt far andakt (husandakt) som dei sa. Og mor og alle borna sat fint roleg ved bordet, frå dei ganske små til dei langt over konfirmasjonsalderen. Når andakten var ferdig, kunne me gå ut og leika med andre born. Turar på leirar og friluftsliv elles eksisterte ikkje. Då eg var konfirmaert og skulle gå inn i dei vaksnes rekjer, var det nokon av mine jamaldringar som ville bli snarare vaksne, og då meinte dei, dei måtte ta innabords noko med alkohol i. Det tålte dei visst lite av, for etter ei lita stund etter det var inntek, oppførte dei seg so dumt tykte eg, at eg beint fram skjemdest av deira framferd. Og eg sa til meg sjølv: Eg har framtida for meg og eg kjem til å gjera tabbar fram gjennom tida eg som andre, men det skal aldri skje på grunn av alkohol. Det har eg halde. Til denne tid har eg ikkje vore rusa.

Bortsett frå den sjukdomen eg hadde då eg var liten, har helsetilstanden vore svært god. Eg har aldri vore på sjukehus for sjukdom før eg var 73 år. Då vart eg ramma av slag, og halve personen vart lam. Men ved iherdig trening har eg kome meg såpass at eg kan ferdast omkring blant folk. Reiser ein del, kjører bil lite grand, likar å vera saman med folk frå andre kantar. Talegaver og tankeliv var ikkje berørt, so eg er takksam for den gode helsa eg alltid har hatt, like til eg fekk denne lammelsen. Legen seier eg er 100% arbeidsufør. Arbeidslivet i vaksen alder vil eg fortelja litt om. Frå eg var i 12 - 14 års alderen arbeidde eg på garden saman med far. Men so hende det at då eg var 16 på 17. året vart far sjuk. Han låg i senga i stova i $1\frac{1}{2}$ år. Det var inga sjuketrygd, inga uføretrygd, inga barnetrygd eller trygd av nokon art. Han hadde då 7 born og mor fekk det 8. medan han låg. Det var ikkje spøk.

Den vesle garden måtte nyttast ut so godt det let seg gjera. Eg var eldst og måtte overta ansvar og alt arbeid på garden som eit mannfolk måtte gjera. Når silda kom til lands her, kunne det henda at han fekk



Fra nedlegging av grunnsteinen til Bømlo nye kyrkje den 24. juni 1958.

Enok Eide saman med biskop Ragnvald Indrebø.

(Foto frå Erling Eide).

nokre kroner til gode av part i not han hadde saman med andre naboor. Og so litt landslut dersom det vart kasta sild til landet som låg til garden.

Eg måtte då ta til med vårarbeidet so tidleg på våren det let seg gjera. Kjøra ut gjødsla, pløya, harva, stella åkrane, så korn, setja poteter og halde dei reine for ugras. Etterpå var det i torvmyra og spa torv. Det var ikkje skog til garden, so torv var det vesentlege brenselet for vinteren. Ein måtte då passe på utover sumaren å krakka og ruka det, som ein sa for at det skulle bli turt til hausten.

So vart det ei lita tid då til å gjera i stand redskapar før slåtten tok til. Skikken her var då at alt skulle turkast på bakke. Og det var avgjerande om det vart bra med solskin om det skulle gå raskt unna. Elles tok høyonna vanlegvis 4 - 5 veker.

Etter slåtten var det til å kjøra heim torvet. Og so kom innhaustinga. Skjera kornet med sigd. Det hadde me alltid hjelp til. Ta opp potetene var ei heil ryggjaknepp. Alt var manuelt og tungt arbeid.

Når so alt var kome i hus, var det til å treskja. Det gjekk me saman om alle brukte på garden og hjelpte kvarandre. Men drøfta måtte ein jo gjera kvar for seg. Ogso var det til å få kornet på molla.

Då først kunne ein ta pust i bakken ei lita stund. Ein slik runddans hadde eg frå eg var 15 til eg var 25 år. Eg spanderte 10 år av den beste ungdomstida mi til å hjelpe far og mor. Men eg har aldri angra på at eg hjelpte dei i den situasjonen dei var i.

Godtgjersla, ja den var minimal. Ein av sumrane i denne 10-årsperioden skulle kommunen grusa eit stykkje veg. Gardbrukarane med hest og mann skulle få denne jobben. Kvar pulje skulle få 2 veker. Det vart 12 dagar det, og hest og mann skulle få kr 20 pr dag. Me hadde hest, og eg skulle få kjøre i 12 dagar. Eg fekk kr 10 pr dag. Altå kr 120. Det var heile godtgjersla eg fekk for strevet på garden i den 10-årsperioden. Det var ikkje laurdagsfri då nei. Men eg fekk so mykje pengar på fiske om vintrane at eg hadde til kler og sko, maten fekk eg sjølvsagt heime.

Eg kom tidleg i ungdomen med i ein kristeleg ungdomsforening. Der hadde me det godt og gildt. Som eit program kunne ein vel gjeva uttrykk for det slik: ”Gå omkring i Jesu namn. Hjelpe, trøste, stille savn. Vise medynk, tørre tårer. Læge alt som hjertet sårer. Virke sådan i det stille. Det var det jeg gjerne ville.”

Det er lett å påverke ungdomen både til godt og vondt. Denne foreninga vart stifta i 1915 og er i full aktivitet den dag i dag.

Kulturlivet her i bygda vil vel mange seie kan ikkje vera rart, for me har ikkje ungdomshus, grendahus eller samfundshus. Men me har 2 kyrkjer og her har vore 3 bedehus.

Den kyrkja som eg er døypt og konfirmert i skriv seg frå år 1621. Men den var liten og trekkfull, so den



*Som ordførar i Bømlo møtte Enok Eide i Hordaland fylkesting.
Her i Bergen i samband med eit slikt møte.
(Foto frå Lauritz Eide).*

var lite tilfredsstillande. Me fekk ei ny som var vigsla palmesundag 10. april 1960.

Det første bedehuset var bygt i 1845. Det 2. var bygt i 1911 og det siste, det som me brukar no var bygt i 1953. So spør eg, - når ein les i avisene om at det ved ymse tilstellingar / arrangement i ungdomshus / grendahus forekjem bråk, og der må vera politivakt, medan i bedehus forekjem ikkje noko skikt. Kvar er finaste kulturen?



Den 1. juli 1977 mottok Enok Eide Kongens fortjenstemedalje.
(Foto frå Lauritz Eide).

Då eg som 25-åring slutta å vera gardsdreng heime og mine 3 brødre, ein på 15 år og 2 på 13 år overtok arbeidet (far kom seg opp av sjukesenga, men vart aldri ført til kroppsarbeid), reiste eg til Amerika. Eg var der berre i ca. $2\frac{1}{2}$ år. Dei såkalte svarte 30-åra var der som her. Eg kom heim att og vart medeigar av 75 fots fiskekutter. Den brukte me på sildefiske om vinteren. Om sumaren var me på Nordland og salta fin nordlands feitsild, reiste til Sverige og Danmark og selde. Det var ettertrakta vare. Elles førte me isasild frå Sjetland til Tyskland. Levande hummar frå Bergen til Frankrike og fersk makrell frå Kristiansand til England, og mykje anna. Det var vekslande arbeid og mykje interessant, men veldig travelt då det ikkje var ordna arbeidstid på den tida.

Dette var ein interessant 8-års periode. Men so sa dei tre som arbeidde heime at dei ville ikkje meir. Eg som skulle ha garden fekk no overta, elles fekk me selja han. Eg tykte det var meiningslaust at denne jordlappen som hadde vore heimstaden for so

mange generasjonar no skulle gå ut av slekta. So eg tok over, og hadde han i ca. 40 år. No har min son Erling Eide overteke. Han har bygt på garden.

Då denne garden er mykje for liten til at den kan skapa levelege vilkår for ein mann med familie, måtte ein finna anna arbeid ved sida av. For meg som då vart heime, vart det tilfeldige småjobbar. Kom med i kommunalpolitikken, noko var godt gjersla for og noko gratisarbeid. No er dei fleste kommunale jobbar tariffesta. Eg måtte tidleg læra å ta tæring etter næring.

Krig og okkupasjon

Krigstida kom ein heller lettvint frå her, bortsett frå dei som reiste ut under krigen og kom bort der. Her var ikkje fast stasjonerte tyskarar, bortsett frå patruljer på ca. 10 - 20 mann som kom og var her ei veke eller to for å kvile seg. Då tok dei skulehuset og budde i det.



*Enok Eide var formann i byggekomitéen for Bømlo nye kyrkje. Kyrkja vart vigsla 10. april 1960.
(Foto Kristian Magnus Vikse).*

Men det var mange som for over til Shetland herifrå. Eg hadde 2 brødre som hadde ein liten kutter dei for over med. Dei var 16 i talet som for med den. Kutteren kom ikkje igjen etter krigen, men dei fleste som var med kom heim att. Den eine bror min kom i handelsflåten, den andre kom i Den Norske Marine. Han var med på ilandstigningen i Frankrike, kom i sjøen, vart plukka opp og saman med mange andre sendt til rekreasjonsstad. Etterpå var han med og senka krigsbåten ”Scharnhorst” i Nordishavet. Begge kom heim att i god behold, heldigvis.

Me som var heime hadde ikkje noko naud. Me hadde plenty fisk og poteter attåt det ein fekk på rasjoneringskorta, men me var nokso nedslitne for kler då det leid på slutten av krigen.

Etter krigen har det skjedd ein rivande utvikling her som andre stader. I jordbruket er her nesten ingen som har hest lenger, traktoren har overteke. I fiskeria er ikkje samanlikning med slik som det var før. Og industri er det blitt ein del meir av enn før. Me fekk ikkje elektrisk straum før i 1953. Til den tid hadde me parafin og sotete lampeglas. Men straumen vart god for alle, både ute og inne.

So er eg komen inn i pensjonisttilværet. Når eg tenkjer attende på eit langt liv, synest eg det har vore godt og gjevande, ikkje minst for oss alminnelege småfolk. God helse har eg hatt like til eg fekk dette slagtilfellet. Godt forhold i familien. 3 barn og 13 barnebarn har me fått. Og det er gildt å reise på vitjing til dei rett som det er. Det var ikkje greitt for dei gamle i mi barne- og ungdomstid. Når dei kom so langt at dei ikkje kunne arbeida lenger for kreftene svikta, hadde dei som regel ikkje noko å leva av. No kan ein når den 20. i månaden kjem, gå på posthuset og heva minstepensjonen. Den greier seg til livsopphaldet.

Fritidsproblem og arbeidsløyse har eg aldri hatt. Men eg tenkte ofte det skulle vore godt og lært noko på ein skule, men det fekk eg aldri høve til. Berre 7 år i folkeskulen og tida før jul på ein ungdomsskule eller folkehøgskule som det no heiter. Det var det heile.

Enok Eide

Litt om Sundtahuset

Ved Bernt Emil Vika

I dei gode sildeperiodane på 1800-talet vart det bygt mange saltebuer langs kysten av Vestlandet. Berre på søre Bømlo og Espesvært var det over 40 saltebuer i drift på denne tida. Men utover 1900-talet, då silda meir eller mindre vart borte frå kysten her, vart mange saltebuer rivne ned og materialane selde eller brukte til vanlege naust og andre bygningar. Steinfundamenta under dei vart i nokre tilfelle brukte til kaiar o.l.

Ei av saltebuene som framleis står er det såkalla Sundtahuset i Jacobsvikjo ved Vespestadvågen på Kallevåg. Stavangerfirmaet Ploug & Sundt kjøpte i 1836 ein stor sjøgrunn her og oppførte ei saltebu med kai på kvar side. Det var Jacob Torkelsen Vestvik, Elias Nilsen Kalavåg, Søren Endresen Kalavåg og Albrikt Børresen Kalavåg som selde grunnen.

Firmaet Ploug & Sundt gjekk konkurs i 1884 og Sundtahuset vart selt til Bergensfirmaet J. E. Lehmkuhl. Saltebua var i Lehmkuhl si eige fram til 1909 då bygningen vart selt vidare til Johan Larsen Vespestad.

Saltebua er bygt med éin hovudetasje pluss to loftsetasjar. Grunnarealet utvendige mål er 350 m², og brutto golvflate er på heile 920 m². Huset har vindehus mot sjøen og takoppbygg på landsida. Innvendig er det to store lafta rom over kvarandre for lagring av salt i laus vekt. Seinare vart det eine av desse romma gjort om til bokkarverkstad. I andre og tredje etasje finn ein tomtrom stover i gavlen mot sydvest. Stovene er innreidde med enkle møblar og køyesenger for overnatting. Heilt fram til 1951 kunne notlag ta inn her og ordna seg med enkel matlaging. Her kunne dei også sova til tidleg neste morgen og ein ny dag på feltet etter sild.



Frå tida då det var produksjon i Sundtahuset.

(Foto frå Torfinn Vestvik).

Eit av romma har namnet Olina-kammerset. Det er eit enkelt avlukke med skiljeveggar i ståande plank. Rommet har namn etter ei sildekone som heitte Olina.

I 1916 fekk Sundtahuset telefon. Frå telefonrommet gjekk det direkte linje til Johan Larsen Vespestad sitt hus i Langevåg. Her kunne hemmelege forretningstransaksjonar foregå. Telefonen på Sundtahuset var i bruk fram til ca. 1955, då alle private linjer på Bømlo vart nedlagde og det offentlege linjenettet overtok.

Berande konstruksjon i Sundtahuset er to langsgåande stolperader. Det meste av golvarealet er store opne rom der bearbeiding og salting av sild gjekk føre seg. Ut mot sjøen i 1. etasje er det fire store skyvedørar.

Johan Larsen Vespestad selde 1/3 av eigedomen til Alfred Ervesvåg i 1931 og 2/3 til sønene Tollef og Johan i 1935.

Eigartilhøva i dag er slik; 1/3 Torfinn Vestvik, 1/3 Tom Andre Vespestad (Trondheim) og 1/3 arvingane etter Bertine Vespestad.

Losjhustet ved Sundtahuset

Elias Nilsen selde denne grunnen til Lauritz Wilhelm Hansen som var eigar av handelshuset Ploug & Sundt i Stavanger. Salet vart tinglyst 14.04.1845. Her vart det bygt eit losjhust for sildearbeidarane. Eigedomen vart utskild frå br.nr. 1 og 4, tinglyst 26.09.1884. Konkursbuet etter Ploug & Sundt selde til J. E. Lehmkuhl, Bergen, tinglyst 20.10.1884. Lehmkuhl selde grunnen til Johan Larsen Vespestad, tinglyst 06.05.1909. Losjhustet vart då rive.

Kjelder:

Elin Thorsnes: "Sundtahuset. Oppmålingstegninger og bygningsbeskrivelse"

Kari Shetelig Hovland: "Fiske på Bømlo i gamle dagar". Sunnhordland årbok 1967.

Einar Kallevåg

Peder Toft

Torfinn Vestvik



*Johan Larsen Vespestad.
I mange år var han eigar av Sundtahuset.
Han vert òg hugsa for å ha oppdagat steinalderfunna i
Sokkamyra på slutten av 1800-talet.
(Med tillatelse frå UiB)*



Mange kvinner var sildarbeidrarar på Sundtabuset.

Framme frå venstre: Anna Gulliksen, Marit Vespestad og Helene Loddan.

Bak frå venstre: Kristine Toft, Erna Kallevåg, Valborg Kolbjørnsen og Haldis Olson.

(Foto frå Ingvald Hovland)



Sundtabuset i nyare tid.

(Foto frå Lars Inge Vestvik).

Kor vart det då dei?

Ved Bertha Marie Eidesvik

I serien “Kor vart det då dei?” presenterer me i år dei utflytta bømlingane Aslaug Tveit, Marius Glærum og Johan Lie.
God lesnad.

Aslaug Tveit

Eg vart fødd i 1983, og vaks opp på Leite på Vorland, i ei husklynge på tre hus. Me var tre born i kvart hus som fant på mykje kjekt i saman. Med éin rolig og fornuftig storebror og éin meir ”smågalen” littlebror, vart eg den i midten som mekla og organiserte.

Far min har arbeidd i oljebransjen så lenge eg har levd. Me har vore vant med at han var mykje ute og reiste, men òg ein far som var heime og organiserte og arbeidde når han hadde fri. Mor mi har hatt forskjellige jobbar opp igjennom åra, det meste av dei kreative jobbar som handlar om å inspirera andre. Både eldre, psykisk utviklingshemma og ungdom. I dag eig ho eit lite konsulentfirma innan interiørdesign, etter å ha vidareutdanna seg til interiørarkitekt i vaksen alder.

Eg hadde ein trygg og fin oppvekst på Langevåg. Me var mykje ute, og på sjøen om sommaren. Men eg skal innrømma at eg hadde lett for å kjeda meg. Frå eg var ganske lita likte eg at det skjedde ting rundt meg. Nokre gonger kunne nok Leite bli litt for roleg og i tenåra lurte eg på kvifor foreldra mine hadde busett seg på ein så gudsforlatt plass.

Eit godt minne frå barndommen må væra Leite OL. Me blei inspirert av OL på Lillehammer og bestemte oss for å laga OL på Leite. Det vart ein stor begivenhet for nabolaget med Torgeir Holme og meg i spissen. Premiane vart sponsa av bilverkstaden og foreldra våre, me hadde heimelaga OL fakkel og preparerte langrennsløyper, slalåmbakke og stadion.



Aslaug Tveit

Elles har eg mange gode minne frå ungdomsåra i Kåså. Det var den viktigaste møteplassen vår, og der skjedde det mykje som ikkje vart delt med foreldre eller andre vaksne.

Eg hugsar elles ei skuletid med ein svært engasjert og utfordrande klasse. Klassetrinnet mitt hadde mange sterke personlegdommar på godt og vondt, og det var ikkje ein kjedeleg dag på skulen. Me laga mykje støy og gjorde ein del som eg i dag tenkjer ikkje kan ha vore enkelt for lærarane å handtera. Me var vel ein av dei få klassane som skifta klasseforstandar kvart

år heile barneskulen. At det var tilfeldig tvilar eg på. I dag har eg fortsatt god kontakt med Elisabeth Vold og Hilde Christin Lønning. Dei er gode, gamle barndomsvenninner. Me har til tross for veldig forskjellige liv skapt ein tradisjon der me treffest minst ein gong i året for å gjera noko kjekt saman.

Eg flytta frå Langevåg då eg var 18 år for å studera i Stavanger. Då var eg meir enn klar for å komma meg ut i den store verda. Eg var ikkje sikker på kva eg ville bli, men drøynde om å bli arkitekt eller designar innanfor eit eller anna felt. Eg trivdes fort i Stavanger. Etter nokre år flytta eg vidare til Danmark for å studera arkitektur og design på Aalborg Universitet, før eg etter endt utdanning flytta tilbake til Stavanger.

Sidan eg flytta synest eg eigentleg ikkje at Langevåg har forandra seg så mykje. Den store forandringa er nok Bygdatunet. Då eg vaks opp, stod grendahuset der. I dag verkar det ikkje som om ungdommane brukar Kåså til møteplass slik me gjorde. Det kan vel ha noko med at samfunnet har endra seg. Slik eg opplever det, har mykje stått stille på Langevåg. Det er også noko fint i det. Eg får ei fin ro når eg kjem heim, men ser at det og vil vera viktig at det skjer ei utvikling i bygda. Dette er noko som har engasjert meg dei siste åra sjølv om eg har flytta vekk.

Eg har ein travel jobb og reiser mykje både i Noreg og i utlandet. Det vert derfor ikkje like mange besøk til Bømlo som eg kunne tenkt meg. Det går sjeldan meir enn to-tre månader mellom kvart besøk, og det er nok dei kjære tantebarna mine som gjer at eg ikkje klarer å vente for lenge mellom kvart besøk. Og sjølvsagt foreldre og bestemor.

Eg driv eige firma som vart starta i Stavanger då eg var ferdig med studier i Danmark i 2009. I fjor starta eg og opp ei avdeling i Oslo etter fleire år med prosjekt der. Selskapet heiter Leva Urban Design, og har i dag ni tilsette. Faget Urban Design var ganske ukjent i Noreg då eg flytta tilbake frå Danmark, og eg har derfor arbeidd mykje med å få det inn på den norske marknaden. I Leva utviklar me byar og

tettstadar og designar parkar og uterom på ein litt ny måte. Mykje handlar om å inkludera og forstå menneska rundt. Me prøver stadig ut nye måtar å arbeida på som gjer at det ikkje blir ein 8-16 jobb. Tilfeldigheitene har og gjort det slik at 4 av 9 tilsette i Leva er oppvaksne på Langevåg. Heilt tilfeldig er det kanskje ikkje, men litt spesielt at det er blitt slik i eit Stavangerfirma.

Eg er lidenskapeleg opptatt av det eg arbeider med og føler at eg opplever utruleg mykje spennande på reiser og stader eg vitjar. Eg likar også å reise på fritida. Eg manglar ikkje mange kontinent på mi reiseliste no og reiser minst 2-3 turar i året rundt i heile verda. Eg likar friheita til å reise, og har sidan eg starta firma og karriere stort sett vore singel. Så ingen mann og barn foreløpig. Meg og mine andre single vene meiner me kan la oss inspirera av Hollywood-kjendisane som stort sett ligg 10 år bak alle andre på denne fronten 😊

Eg trivst elles godt i Stavanger, der eg har eit eige lite trehus på Storhaug, i ei fredelig lita bygate. Mange spennande og kreative folk, samstundes som det skjer mykje her. Eg har og ein leilighet i Oslo, der eg ofte er. Eg har etterkvart fått ein stor vennekrets som går på tvers av både byar og landegrenser, og er kjent som ei som stadig er på farten.

Spesielt det siste året har eg fått ei stor, gryande interesse for å gje noko tilbake til Langevåg. Dette er tross alt heimplassen min. Etter å ha arbeidd med utvikling av mange plassar i Noreg, ser eg kanskje på Langevåg med eit nytt, fagleg blikk. Det siste året har eg derfor og vore oftare heime og engasjert meg lokalt. Eg ser med litt ekstra spenning på kva me kan klara å få til av ny utvikling på Langevåg dei neste åra. Meg og mine kollegaer frå Langevåg har stadig spennande diskusjonar på kontoret i Stavanger om alle moglegheitene som fins på Langevåg.

Det eg saknar mest frå heimstaden min er nærheten til sjøen og roen. Elles er det familie som er den viktigaste drakrafta til at eg kjem heim så ofte eg kan.

Marius Glærum

Eg kom til verda i 1989 og vaks opp på Øyro ved foten av Kyrkjefjellet, hos foreldra mine, Helga Aga Glærum og Helge Glærum. Der hadde eg to eldre brør, Eivind og Stian, og ei yngre søster, Malin. Det er femten år mellom eldstemann og litlestøster.

Huset var i det nedste byggefeltet, eller Nedre Hillesveit som det heiter. Øvre Hillesveit, det ”andre byggefeltet” var på andre sida av vegen mot Andal og Vorland. Så den vegen blei ei slags naturleg grense då me var små, hugsar eg. Ungane leika på kryss av denne grensa. Men, i lagsport så kunne det fort bli det eine byggefeltet mot det andre.

Transformatoren ved postkassane, eller ”strømboksen” som me kalla den, var eit sentralt punkt i byggefeltet. Og virka som ein slags møteplass og talarstol for ungane. På haugane, der som barnehagen er i dag, var det ein fotballbane for dei som likte sånt. Banen var omringa av nokre buskar og kratt. Og innimellom desse gjekk det an å gå, så det blei som ein slags labyrint. Og det var jo sjølv sagt svært spennande for oss. Og ein må jo ikkje gløyme Steinhytto. Ei stor steinrøys av større steinar i den austlege delen av feltet. Desse steinane danna tunnellar og rom, som me kunne leike i. Ho virka i allfall stor då.

Etter kvart som ein vaks til, så fekk ein lov å gå lenger vekk frå Øyro. Og at ein fekk lov å gå å handle aleine hos Olav Barane, var ein milepæl i seg sjølv. Og då ein først byrja på skulen, så fekk ein plutselig nye kameratar frå alle grondene. Langevåg var større enn nokon sinne, men strakk seg likevel ikkje stort lenger enn til Løvegapet på Vika.

Far min arbeidde til sjøs, blant anna hos Eidesvik. Han var då vekke i ein månad i slengen, og det var jo sjølv sagt heilt naturleg på ein plass som Langevåg. I dag er han pensjonert, men er drosjesjåfør når det passar seg.

Då me var små, var mor heime og passa oss søskene. Men i dag jobbar ho som reinhaldar i barnehagen. Ho er vaksenleiar på ungdomsklubben, Langevåg Ten Club. Og der har ho vore sidan 2000.



Marius Glærum

Eg studerte seinare elektro ved Rubbestadneset Yrkesskule i to år, og tok så eit år på ”skipselektro” i Haugesund. Det var det året eg først flytta vekk frå Bømlo. Og budde då i eit lite og gammalt hus på Risøy. Eg har hatt bolig i Haugesund fram til no, berre på forskjellige stader.

Etter det, tok eg læretida mi i Østensjø Rederi. Og der fortsette eg fast som elektrikar etterpå. I tida mi der var eg ein del år på båten Edda Fjord. Der fekk eg oppleve mykje og fekk besøke mange nye stader utanfor Norge.

Seinare fekk eg sjansen til å vere med på eit prosjekt i Sør Korea, der me skulle bygge eit passasjerskip. Så der budde eg i to år, i ein by som heiter Ulsan. Sjølv om eg trivdes godt der, så var det spesielt i løpet av desse to åra eg verkeleg innsåg kor mykje eg sakna Norge. Og ikkje minst Langevåg, heime på Bømlo.

Etter eg kom heim frå Korea, på sommaren 2016, så blei eg spurt om eg ville være med på å lage ein liten

film om Langevåg. Det var tidlegare klassekamerat frå Hillestveit skule, Krister Vold, som spurte. Eg takka fort ja, og prosjektet ”balla” på seg og blei noko større enn me først hadde tenkt. Eit lærerikt og kjekt årsprosjekt, der me hadde fokus på historia, utviklinga og tilknytinga til sjøen sidan byrjinga.

Utfordringa med fråflytting var då ein del av utviklingsdelen, og me prøvde å kaste eit lys over problemet.

Drivkrafta bak det heile, var nok at me begge var svært glad i bygda og ville gi noko tilbake.

Ironisk nok, leda filmprosjektet meg til Stavanger. Der eg fekk meg ny jobb. Her bur òg begge brørne mine og mange andre bømlingar. Så det blir fort at

ein treff på dei på fritida, noko som skapar eit eige lite bømla-miljø.

Det er no sånn at viss eg treff på ein bømling, kor no enn i verden det er, så er det nesten alltid noko kjemi der. Til og med viss du ikkje var noko særlig med dei heime på Langevåg. Å treffen nokon frå heimbygda ein heilt anna plass enn Langevåg, er alltid litt spesielt. Uansett om det er i London eller Haugesund.

Alt dette er sjølv sagt berre ein veldig liten del av mitt forhold til Langevåg. Men likevel var dette noko som dukka opp i overflata då eg byrja å skrive.

Eg kjem alltid til å hugse Langevåg som ein god plass å vekse opp. Og kjem titt og ofte ”heim”, som eg endå seier.

Johan Lie

Så kjekt at de ønskjer å intervju utflytta Bømlingar. Mitt namn er Johan Lie, og eg er født i 1979. Systera mi Heidi vart født to år tidlegare. Året før eg vart født, bygde foreldra mine Inge Johan og Brit Elin ein generasjonsbolig på toppen av Vold. Der flytta dei inn i andre etasje, medan bestemora mi Ingeborg (Besta) flytta inn i første etasje. Begge foreldra mine arbeidde fulltid, mamma som sjukepleiar og pappa etterkvart som hjelpepleiar, men Besta var alltid heime. Me hadde to nabohus med barn i umiddelbar nærleik, men det var jo heller ikkje langt «ned til Vådl» kor det var fleire å leike med.

Når eg prøver å hugse attende til eg var liten, er det vel ingen tvil om at det er dei gode sommarminnene som har brent seg inn i hukommelsen. Cowboy og indianar, sykling med ispinne på hjulet, barkebåtar og hytter. Og turar til mattroet saman med Heidi, Kærry, Magnus og Monica. Det var idyll. Ein del år seinare skulle eg bli veldig glad i musikken til Kenneth Sivertsen. Og hans vise «Sommardag» kunne godt ha vore ei skildring av oppveksten på Langevåg. Det var ei fin tid.



Johan Lie

Etterkvart vart eg med i skulekorpsset kor eg spelte kornett. Barndomen og ungdomen skulle etterkvart bli ganske prega av korpsinteressa, og mange av dei sosiale banda til vene vart skapte i korpsset. Hillestveit skulekorps var i ein periode nedlagt

(eg veit ikkje akkurat kor lenge), men eg var med i det kullet som starta opp igjen. Kåre Bogetveit var primus motor og ein god dirigent for korpset. Kåre tok også nokre av oss med i musikkorpset ute på Espevær, så det var i periodar travle tider. Høgdepunktet for oss som var med i skulekorpset var nok besøket til vennskapskorps i Dundee i Skottland. Dei kom også på besøk til oss.

Korpset skulle vise seg å forme ungdomstida mi. Eg vart etterkvart med i Bømlo Janitsjar, noko som gav meirsmak på «vaksenkorps». Då eg var ferdig med gymnaset i 1998, tok eg meg eit friår og gjekk på brassbandlinja på Manger Folkehøgskule, der eg traff Siv som eg etter kvart gifta meg med. Me busette oss i Os, og har fått tre barn: Ingrid, Arild og Jarand. Os har i likskap med Bømlo ein flott natur, med fjordar, fjell og godt tilrettelagde turløyper. Nærleiken til Bergen gjer at det er mogleg å dagpendle til arbeid.

Etter året på folkehøgskulen valde eg å ta realfagsutdanning ved Universitetet i Bergen,

og det har også blitt mitt yrke. I ein periode arbeidde eg som rein forskar, men i frå 2010 har eg arbeidd som lærarutdannar og forskar innan matematikkutdanning. Først ved Høgskulen i Bergen, så ved Universitetet i Bergen kor eg no arbeider. Dette er eit arbeid som er gjevande og som eg trivst godt med.

Eg prøver å besøke heimstaden så ofte som mogleg, men travel kvardag gjer at det ikkje blir så ofte som eg kunne ønskt. På spørsmål om korleis Langevåg har endra seg i tida frå eg budde der til no, er eg usikker på kva eg skal svare. Når ein kjem attende på besøk, får ein jo berre inntrykk av staden i korte glimt. Og ein set jo desse inntrykka inn i sitt indre bilde på korleis ting var tidlegare. Eg oppfattar framleis bygda som ein trygg, god plass å bu og vekse opp i.

På spørsmål om kva eg saknar mest ifrå heimstaden, så trur eg at det er Besta, Ingeborg Lie. Eit flott menneske, og ei fantastisk bestemor.

Redaksjonen i Leidarsteidn vil gjerne få takka utflytta bømlingar som vil vera med og fortelja litt om seg sjølv og kva dei driv med. For framtida håpar me å få med mange slike innslag i heftet vårt.

Har du reiselyst?

Bakgrunn

Bømlo Tur- og Sogelag er medlem av Hordaland sogelag. Til saman 26 sogelag i Hordaland er medlem der. Hordaland sogelag har eit styre på sju personar (med vararepresentantar), og oppgåvene er å fremja sogelagsarbeid i lokallaga rundt om i fylket. M.a. vert det arrangert lokalhistoriske dagar og årsmøte, der eit av lokallaga er vertskap. Bømlo Tur- og Sogelag var vertskap i 2015, og temaet for dagane var stål, stein og religion. Vidare arrangerer Hordaland sogelag ein del kurs for medlemmene om aktuelle lokalhistoriske tema. Hordaland sogelag er medlem av Landslaget for lokalhistorie, ein landsomfattande organisasjon med sekretariat i Trondheim.

Turar

Sidan 2006 har Hordaland sogelag arrangert studieturar i vesterveg. I 2016 gjekk turen til Færøyane, og i 2017 til Normandie i Frankrike. Turoppelegget vert ivaretatt av Tide reiser, der turane

vert "skreddarsydde" med gode hotell, gode bussar, utflukter og eigen guid. Turane vert arrangerte i august månad.

Kari Fedt Haugsbakk (medlem av Kvinnherad sogelag, og kasserar i Hordaland sogelag) deltok på turen til Normandie i år, og har skrive eit lite reisebrev frå turen. Me har fått løyve til å gjengi brevet her, slik at leesarar av Leidarsteidn og medlemmer i Bømlo Tur- og Sogelag kan få nærare greie på kva slike turar går ut på.

Hordaland sogelag sin studietur til neste år vert sannsynlegvis lagd til Shetland og Orknøyane, men er ikkje planlagd i detalj enno. Så har du reiselyst og kan tenkja deg å delta på ein tur i vesterveg, kan du ta kontakt med Bømlo Tur- og Sogelag, 97520482, post@b-ts.no eller fylgja med på heimesidene til Hordaland sogelag, www.hordalandssogelag.no.

Reisebrevet frå Kari Fedt Haugsbakk fylgjer under.

På tur med Hordaland sogelag til Normandie 7. - 14. august 2017.

Hordaland sogelag sin studietur gjekk dette året til Normandie. Namnet har området fått etter vikingane frå nord, normannarane, som herja her på 800-talet. I 911 fekk normannarane landet i len, med Gange-Rolv som hertug.

Tjue sogelagsfolk frå 9 ulike sogelag var med på turen. Nokre var kjenningar frå tidlegare studieturar, nokre var nye, men vi vart snart ei samansveisa gruppe, der yngstemann var i førti-åra, og den eldste var godt oppe i åtti-åra. Felles for alle var interessa for dei historiske hendingane som har utspela seg i Normandieområdet.

Reisa gjekk med fly frå Flesland til Paris, og deretter buss til Caen, der vi stogga i tre netter. Norsk reiseleiar var med på turen, og tolka når det var trond for det.

Invasjonen i Normandie 6.juni 1944 er nær og sterkt historie. Vi vitja ilandstigningsmuseet i Arromanches, der vart m.a. synt film frå invasjonen.

Der var og ei tavle med informasjon om norske båtar som deltok under invasjonen. Svenner, ein av tre norske destroyrar som deltok, vart senka av tyske torpedoar.

Vi vitja ein tysk krigskyrkjegard i La Cambe, der 21.000 tyske soldatar er gravlagde. La Cambe er ein av seks tyske krigskyrkjegardar i Normandie.

Point du Hoc, klippa som amerikanske Rangers måtte klatra opp for å innta tyske bunkerar og artilleri, er eit landemerke der den stig loddrett til værs frå sjøen.

På en amerikanske krigskyrkjegarden i Colville sur Mer, like ovanom Omaha Beach, stod dei kvite korsa snorbeint. Over 9000 amerikanske soldatar er gravlagde der.

Det kjende Bayeuxteppet skildrar Wilhelm Erobraren si erobring av England i slaget ved Hastings, og hendingane som gjekk føre seg før denne erobringa. Teppet er om lag 70 meter langt, og 50 cm høgt, eit meisterstykke av eit broderi som må sjåast!

Festningen Mont St. Michel ligg på ei klippe ute i havet, og er på UNESCO si verdsarvliste. Kyrkja frå 708 ruvar på toppen av klippan, der er og eit stort gammalt Benediktinerkloster, og tettpakka med souvenirbutikkar og små vertshus. Folkemengda buktar seg i jamn straum gjennom trone gatar og bratte trapper. Frå toppen av klippan er det vidt utsyn i alle himmelretningane over havet og det flate landskapet innanfor.

Vi flytta oss til vidare til regionhovestaden Rouen, ein viktig og sentral by også i middelalderen. Ruvande katedralar, gamle bindingsverkhus som

støtta seg på kvarandre, smale brusteinsbelagde gatar, her vandra vi på historisk grunn. Her ligg Gange-Rolv gravlagd, her vart Jeanne d'Arc brent på bålet. Og i fylge ein entusiastisk fransk restaurantchef, vart den norske kong Olav le premier døypt i den store katedralen i Rouen. Franskmannen peikte stolt på sine blå auger, og var tydeleg viss på å vera etterkommar etter norske vikingar.

Vi budde i Rouen dei siste fire nettene, og hadde dagsutflukter til småbyar langs kysten, Etretat og Fecamp, Honfleur og Deauville. Vi var på besøk i kloster og smaka på Benediktinerlikør, på Cideri testa sider og calvados, der var ingen usmak.

Ein vellukka og triveleg tur til Frankarland, og frå fleire hald kom spørsmålet: Kvar går turene neste år?

Tekst og foto: Kari Fedt Haugsbakk.



Deltakarane som var med på Hordaland sogelag sin tur til Normandie i august 2017.



Eidesvik Havfiske

*Bømlo Tur- og Sogelag ønskjer
alle lesarane av Leidarsteidn
ei God Jul og eit Godt Nyttår!*



Foto fra 1948 i samband med besøk fra USA.

*Framme fra venstre: Lina Hovland, Ellen Hovland (USA) og Hanna Solheim.
Bak fra venstre Peder Eidesvik, Mathias Pedersen Eidesvik, Simon Eidesvik, Arnt Hovland,
Ola Hovland (USA) og Martin Solheim (Tinen).
(Foto fra Gunnar Strand).*

Biletskanning og formgjeving: Bernt Emil Vika
Trykkeri: Leirvik Trykkeri AS
Opplag: 800 eks.